

Fest i Guds hus

Gudstenesta i Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja

Kvifor gudsteneste?

Kva er gudsteneste?

Korleis er gudstenesta i
Frikyrkja?

Hovudgudstenesta

- Samling
- Bøn og lovprising
- Ordet
- Forbøn
- Nattverd
- Sending

Godkjend og tilrådd av Synoden 2014 til bruk i Frikyrkja

Innhald

Fest i Guds hus – Synodestyret om gudstenesta	7
Del 1 INNLEIING	9
Om gudstenesta i Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja ...	9
Kvifor gudsteneste?	9
Kva er gudsteneste?	12
Korleis er gudstenesta i Frikyrkja?	15
Gjennomgang av hovudgudstenesta	25
DEL 2 ORDNINGA	45
Hovudgudstenesta i kyrkjelyden	45
Rettleiing	45
Ordning for hovudgudstenesta	51
1. Samling (Innleiing)	51
2. Bøn og lovprising	53
3. Herrens ord	59
4. Forbøn	64
5. Herrens bord (Ordning A)	72
6. Sending (Avslutning)	80
Alternative nattverdsliturgiar	82
Ordning B	82
Ordning C	90

Del 3 TILLEGGET	105
Alternative formuleringar, bibelord, bønner, salmar osv. til hovudgudstenesta	105
1. Samling (Innleiing)	105
2. Bøn og lovprising	108
3. Herrens ord	116
4. Forbøn	119
5. Herrens bord	128
6. Sending (Avslutning)	131

FEST I GUDS HUS – OM GUDSTENESTA

I gudstenesta vender den kristne kyrkjelyden seg til sin Herre og Frelsar i bøn og lovsong. Her talar Gud til oss og gjer noko med oss. Og vi får svara han med takk og gje oss over til han. Ei slik feiring er – og bør vera – sentrum i livet i kyrkjelyden.

Gudstenesteheftet *Fest i Guds hus* er utarbeidd av Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja som ei kjelde å ausa av for kyrkjelydane, for alle som førebur og leier gudstenesta, og for dei som er med gjennom bøn, lovsong, bibellesing o.a. Her finst ein hovudmal for samlinga og hjelp til val av innhald.

Heftet har tre delar: (1) *Innleiinga* seier litt om kvifor vi held gudsteneste, kva ei gudsteneste er, og korleis vi bør og kan feira den i vår kyrkje. (2) *Ordninga* gjev norm og tilrådingar for hovudgudstenesta – struktur og fridom. Her er tre ordningar for nattverd som vi kan velja mellom (A, B og C). (3) *Tillegget* gjev døme på alternative formuleringar, bibelord, bønner, salmar o.a. Heftet har òg ein samtaleplan.

Fest i Guds hus har stor stilistisk spennvidd både i form og språkleg/musikalsk. Ulike bøne- og songtradisjonar og forskjellige uttrykksformer står side om side for å kunna dekkja mange behov og passa inn i ulike samanhengar.

Liturgiane og det andre materialet er utarbeidd av eit gudstenesteutval, godkjent av Synoderådet og tilrådt av Synoden 2014 til bruk i Frikyrkja. Vi oppmodar pastorane, eldsteråda og kyrkjelydane til å leggja planar for korleis ein skal ta i bruk desse nye gudstenesteliturgiane. Heftet finst på både nynorsk og bokmål.

Med *Fest i Guds hus* ønskjer Synodestyret å gje kyrkjelydane hjelp til å utvikla eit rikt og mangearta gudstenesteliv for både born, unge og vaksne. Vi vonar heftet kan bli ein reiskap til fordjuping av innhaldet i gudstenesta og ei fornying slik ein samla synode i 2014 ønskte.

Oslo, Aposteldagen 2016
Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja
Synodestyret

Fest i Guds hus er utarbeidd av Liturgiutvalget:
Arne Kristiansen (redaktør), Gunstein Vetrhus,
Eva Guui-Larsen, Rigmor Angell Stakkeland og
Helge Utaker.
Språkleg tilrettelegging ved Øyvind Tveit, Solveig
Mattland Lund og Jostein Stokkeland.

**Godkjend og tilrådd av Synoden 2014 til bruk i
Frikyrkja.**

Om gudstenesta i Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja

Del 1 INNLEIING

Kvifor gudsteneste?

Teneste

Den heilage skrifta, Bibelen, seier: «Ten Herren!» I dette ligg det at heile livet vårt skal vera ei gudsteneste. Men Jesu læresveinar kan ikkje tena Herren utan at dei kjem saman i hans namn – for å høyra Guds ord, be, takka og lovprisa han og halda nattverd. Tenesta vår for Gud femner om heile livet og har sitt levande sentrum i gudstenesta når kyrkjelyden er samla.

Guds kjærleik og vår takksemnd

Gudstenesta i kyrkjelyden har to retningar: det Gud gjer for oss i kjærleik, og det vi gjer for han av eit takksamt hjarte. Gud talar til oss i ord og sakrament (nådemidla), og vi får svara han i overgjeving, bøn og vedkjenning, i lovsong og i offer til kyrkje og misjon.

Det Gud talar til oss og gjer for oss

(Ordet, dåpen og nattverden)



Det vi svarar han og gjer for han av eit takksamt hjarte

(Vedkjenninga, lovprisinga, bønna og ofringa)

Når vi kjem saman til gudsteneste, er Kristus til stades som den tenande. Han gjev seg til oss i ord og sakrament. Og med villige hjarte får vi tena Han som er Herren for kyrkjelyden. Gud tener oss (*den sakramentale tenesta*), og vi får tena han (*den sakrifielle tenesta*). Grunnlaget for tenesta vår for Gud er Guds gjerningar for oss. Ordet hans kallar fram eit svar frå oss, og gåva frå han gjer at vi kan gje oss sjølv. I møte med den heilage Gud står kyrkjelyden fram som det han verkeleg er: eit heilagt folk som er samla for Guds andlet og kjem til han i takk, tru og teneste.

Når vi har vore *samla* i Herrens hus på Herrens dag, blir vi *sende* ut til teneste for Gud i kvardagen. Paulus seier:

«Difor legg eg dykk på hjartet, sysken, ved Guds miskunn, at de må bera fram kroppen dykkar som eit levande og heilagt offer, til glede for Gud. Det skal vera dykkar åndelege gudsteneste.» *Rom 12,1*

Sundagen – «Herrens dag»

Dei fleste kyrkjesamfunn held sundagen, dagen då Jesus stod opp frå dei døde, som sin heilagdag og forsamlingsdag. Sundagen, første dagen i veka, blir markert som «Herrens dag», veka sin påskedag, der Kristus blir feira av dei truande. Det er òg tradisjon for å sjå på sundagen som «den åttande dagen» og dermed tydeleg få fram eit eskatologisk perspektiv – oppstoda, der alt blir nytt.

Mål og meining med livet

Openberringsboka skildrar eit tilvære der alle Guds tenarar er glade og lovprisar Gud. Dette er *målet* for heile Guds skaparverk. Når teneste for Gud er målet og meininga med livet, må Guds folk lova og tilbe Gud også på vandringa *fram mot* dette målet. Gudstenesta i kyrkjelyden blir både *mål* og *middel*.

- Gudstenesta som mål:
Tilbeding og teneste for Herren i hans tempel, jf. Op 7,15. Gudstenesta her og no er ein forsmak på gudstenesta i det himmelske Jerusalem.
- Gudstenesta som middel:
For at menneske skal bli frelste og læra sanninga å kjenna, jf. 1 Tim 2,4.
I gudstenesta her i tida deler vi ord til trøyst, tilgjeving og oppmuntring på livsvegen. Eit

nådebord blir dekt for menneske som treng oppreising og ny start.

- Resultatet av dette er at vi blir sende ut i verda med fornya kjærleik til Gud, menneska og heile skaparverket. Kristne lever livet i veksling mellom *samling* og *sending*.

Kva er gudsteneste?

Den kristne gudstenesta er ein Jesus-fest. Vi kjem saman som Guds folk for å feira den oppstadne Jesus Kristus, lovprisa og tilbe Han som gjekk i døden for menneska, Han som no er i forbøn for oss og heile skaparverket.

I Hebrear brevet 10,25 oppmodar apostelen oss: «Lat oss ikkje halda oss borte når forsamlinga vår kjem saman, som nokre har for vane, men lat oss setja mot i kvarandre, og det så mykje meir som de ser at dagen nærmar seg.»

Herren kallar folket sitt til fellesskap med seg og til å vandra saman mot målet: den fullkomne gudstenesta i samfunn med den treeinige Gud på Guds nyskapte jord. Ei sentral overskrift over kyrkja si gudsteneste kan difor vera:

Saman for Guds andlet

Å læra Gud og oss sjølv å kjenna

Den evige gudstenesta vår tek til her og no. Vandrings-
tida fram mot målet blir difor ei lærings- og mognings-
tid der Herren er hyrdingen og læraren som rettleier
oss til

- tru,
- tilbeding og
- teneste.

Slik sett blir kyrkjelyden eit lærings- og mogningsfel-
lesskap der sundagsgudstenesta er det naturlege sen-
trum.

I gudstenesta skjer det ei opplæring og utvikling
først og fremst gjennom preika – utlegginga av Guds
ord, men òg gjennom salmane vi syng, bønene vi ber,
gåvene vi ofrar, dåp, nattverd og andre handlingar vi er
med i. Målet er

- at Herren skal få tala ordet sitt til oss
- at vi skal få ta imot og tru tilgjevinga
- at vi skal læra Guds vilje å kjenna
- at vi skal bli utrusta til å tena
- at vi skal oppmuntrast til å be og til å vedkjenna
synd
- at vi skal læra å tilbe, lovprisa og takka
- at Kristus skal lysa for oss

«Men den timen kjem, ja, han er alt komen, då
dei sanne tilbedarane skal tilbe Far i ånd og

sanning. For slike tilbedarar vil Far ha. Gud er ånd, og dei som tilbed han, må tilbe i ånd og sanning.» *Joh 4,23–24*

Å byggja fellesskapet

Når Det nye testamentet talar om «oppbygging», er det ikkje noko som først og fremst går føre seg inne i det einskilde mennesket. Det blir brukt om noko som skjer i kyrkjelyden ved at dei truande blir bygde inn som levande steinar i Guds store byggverk, kyrkja. Dermed er ordet oppbygging knytt til samlinga i gudstenesta.

Når Guds ord blir forkynt til frelse, påminning og trøyst, blir kyrkjelyden bygd opp ved Den heilage ande. Slik blir samlinga i kyrkjelyden ein stad for Anden der Gud handlar.

Ved ord og sakrament skaper Den heilage ande tru på Jesus Kristus. Denne trua er ei levande og verksam tru fordi Kristus ved trua bur i hjartet vårt. Denne trua syner seg i tenande nestekjærleik og i vitneteneste blant menneske – lokalt, nasjonalt og globalt. Menneske blir inviterte inn i eit *nådefellesskap* og til personleg relasjon til Jesus.

Evangelisk-luthersk gudsteneste

I ordet sitt har ikkje Gud synt oss i detalj tider, stader, måtar eller former for gudsdyrkinga vår. Luthersk vedkjenning og kyrkjetradisjon ser difor på gudsteneste-måten (kyrkjeskikkane) som *adiafora* (=

«nøytrale handlingar», dvs. handlingar som korkje er påbodne eller forbodne). Det frie synet og den opne haldninga som den lutherske kyrkja har til adiafora i gudstenesta, heng saman med skapingsteologien i denne kyrkja: *Alt det skapte skal lova Gud.*

At det er tale om adiafora, vil ikkje seia at kva som helst kan få plass i gudstenesta, eller at ein kan utelata det ein sjølv vil. Gudstenesteformene må *tena*, ikkje *krenkja*, det grunnleggjande ved kyrkja, og dei må kunna *fremja*, ikkje *hindra*, livsfunksjonane hennar. Med det som utgangspunkt er ei evangelisk-luthersk gudsteneste open for bruk av symbol, seremoniar o.l. så lenge dei ikkje er i strid med Guds ord (evangeliet).

Luthersk teologi og kyrkjeliv legg hovudvekta på Guds gjerning til vår frelse: Det er Gud som i Kristus har forsona verda med seg sjølv, og det er han som gjennom ord og sakrament gjev oss Den heilage ande, som skaper trua i hjartet vårt. Vår gudsfrykt gjeld ikkje i vår frelsessak. Ut frå dette grunnsynet er det ein naturleg og nødvendig konsekvens at dei sakramentale ledda i gudstenesta kjem klart og sterkt fram. *Ordet* må forkynnast og *sakramenta* forvaltast.

Korleis er gudstenesta i Frikyrkja?

I Frikyrkja er det eit mål at kyrkjelydane skal ha ein så «open» liturgi at gudstenesta gjev rom for avveksling og spontanitet. Gudstenesta bør vera så «laus» i

strukturen at ein må arbeida med kvar einskild gudsteneste, men samtidig så «fast» at ho er lett å leia.

Ei sann, rik og allsidig gudsteneste

Siktemålet med «Ordning for hovudgudstenesta i kyrkjelyden» (*kap. 2 i liturgihandboka*) er:

Ei sann, rik og allsidig gudsteneste

Alle ledd i gudstenesta forkynner. Kyrkjelydane må difor leggja vinn på å få til ei gudsteneste som er sann, rik og allsidig både i innhald og ytre former. Dette krev:

1. at ein er medviten om at kyrkjelyden står framfor Herren, den heilage og nådige Gud
2. at ein legg vekt på faste ledd slik at kyrkjelyden betre kan leva med i det som blir lese, bede og sunge
3. at ein er open for Andens gjerning gjennom fri bruk av nådegåvene til oppbygging, formaning og trøyst
4. at ein har vilje til å sameina fridom og struktur slik at dei frie får vera fritt, personleg og ekte, og dei faste ledda gode og gjennomtenkte.

Ordning for gudstenesta

Hovudgudstenesta har seks hovuddelar. Synoden rår til å bruka dei til å gje hovudgudstenesta i kyrkjelydane slik ramme og form:

1. SAMLING (Innleiing)
Musikk, helsing, salme
2. BØN OG LOVPRISING
Syndsvedkjenning, lovsong, bøn for dagen
3. HERRENS ORD
Lesing frå Det gamle og Det nye testamentet, truvedkjenning, preike, salmar og songar
4. FORBØN
Ofring, forbøn, Herrens bøn
5. HERRENS BORD
Nattverdsfeiring
6. UTSENDING (Avslutning)
Salme, velsigning, musikk, utsending

Innanfor kvar hovuddel finst det fleire versjonar av dei ulike ledda. Slik kan kvar kyrkjelyd velja ei form dei opplever som tenleg, og ut frå det spesielle ved sundagen, tekstane i gudstenesta og lokale behov.

Kyrkjelydar som ønskjer ei enkel gudstenesteordning, og som ikkje vil bryta med tilvande former, kan til dømes bruka salmevariantar til nokre av ledda. Kyrkjelydar som gjerne vil nytta versjonar med både klassiske og nye element, har fleire former å velja mellom, slik at heile kyrkjelyden ber si syndsvedkjenning, ropar sitt «Herre, miskunna deg!»,

syng sine lovsongar osb. Klassiske helsingar og lovprisingar, bønner og vedkjenningar, takkebøner i nattverden og velsigningar som kyrkja har brukt gjennom alle tider, blir slik kombinerte med det tidsaktuelle, den lokale kulturen og det menneska treng. På denne måten blir gudstenesta *både* til å kjenna att frå kyrkjelyd til kyrkjelyd i same kyrkjесamfunn (*identitet*) og gjenkjenneleg for menneske på kvar stad og til kvar tid (*kontekst*).

Ein rikare variasjon av gudstenesteformer er teken i bruk i kyrkjelydane i Frikyrkja – og på fellessamlingar og stemne: Tomas-messer, forbønsgudstenester, Taizé-samlingar, lovsongsgudstenester, Gudsteneste Undervegs (Seeker's Service), keltisk messe, Bob Dylan-messe, familiegudstenester som Mukulamesse, Sprell levende og Show It, osb. Feiring av hovudgudstenesta kan supplerast med slike, eller element frå dei kan brukast i hovudgudstenesta.

Saman om gudstenesta

Ansvar for utforminga av gudstenesta ligg først og fremst på eldsterådet. Dei ordningane og variantane som er tekne med i kapittel 2, er ikkje bindande for nokon kyrkjelyd, dei er rådgevande døme, jf. synodevedtak i 2014.

Eit rikt gudstenesteliv krev aktiv planlegging. Vi vil oppmuntra kvar einskild kyrkjelyd til dette, slik at gudstenesta kan bli eit fruktbart samspel mellom gudstenesteleiar, predikant, tekstlesar, musikarar,

songarar og alle dei andre i kyrkjelyden. Dei tilrådde ordningane gjev høve til å planleggja både strukturen og innhaldet i gudstenesta – med fleire variasjonar. Målet må heile tida vera *ei levande gudsteneste*, enten ein vel ei enkel form eller ei meir utførleg ordning med mange ledd.

Å vera gudstenesteleiar

I Det nye testamentet blir kyrkja framstilt som Kristi kropp, der Kristus er hovudet og dei truande er lemer på denne kroppen. Det minner oss på at det ikkje er vi som samlar kyrkjelyden til gudsteneste, men Herren. Det er Jesus Kristus som er verten, ikkje vi. Det er Han som helsar oss med sin fred og nåde, høyrer våre bønner og vedkjeningar, tek imot våre forbøner, gjev oss Guds ord og seg sjølv gjennom brødet og vinen, gler seg over lovsongen og sender oss ut i kvardagen. Det er Kristus som gjer gudstenesta til ei heilag handling som får dei truande til å oppleva mysteriet: *Kristus iblant oss*, ved Den heilage ande. I Hans namn samlast Guds kyrkje i himmelen og på jorda.

Pastorar og eldste er ordinerte og sette til hyrdingtenesta i Frikyrkja, tenesta med ord, sakrament og bøn. Nokre av desse – og andre som har nådegåver og utrusting til åndeleg leiarskap – blir sette til å leia gudstenesta i Jesu stad.

Gudstenesteleiaren er ikkje møteleiar eller konferansier slik vi kjenner til det frå det vanlege organisasjonslivet – sjølv om også kunngjeringsar,

presentasjon av medarbeidarar og oppgåver osb. høyrer med i gudstenesta. Å føra ein kyrkjelyd fram for Gud er ei *liturgisk* teneste. Liturgen handlar både på Guds vegner og på vegner av kyrkjelyden ut frå det oppdraget som Jesus gav apostlane sine, det som vi har arva gjennom kyrkja sitt liv og historie. Å opparbeida seg tryggleik i denne formidlarrolla mellom Gud og kyrkjelyd krev bøn og opplæring, erfaring og evaluering.

I gudstenesta møtest himmel og jord slik salmediktaren syng:

«Guds menighet, syng for vår skaper i lønn,
engler synger med.

Han gav oss til frelse sin enbårne Sønn.
Så liflig vi leker for Herren.»

Nikolaj Frederik Severin Grundtvig

Nattverdsfeiringa – hjarte og pulsslag i kyrkja

Aldri blir kyrkja meir synleg enn når vi samlast om Ordet og sakramenta. Kyrkja er ikkje ein organisasjon, og samlinga om Herrens bord er ikkje eit av mange kyrkjelege tiltak. Nattverden er hjarte og pulsslag i kyrkja. Dei kristne som i dagleglivet søker Gud og lever i pakt med evangeliet, kjem på oppstodedagen, Herrens dag, saman med sysken i trua. Då stig Kristi kyrkje fram som det ho er – Guds folk, Kristi kropp, eit tempel for Den heilage ande, der Far blir tilbedd i ånd og sanning. I nattverden møter vi den treeinige Gud. Skaparen gjev oss dei gode skapingsgåvene i brød og

vin. Den inkarnerte Kristus, han som tok på seg menneskeskapnad, gjev oss seg sjølv. Anden gjer desse gåvene nærverande for oss.

Forenkla kan vi bruka fem stikkord for å seia kva nattverden er:

1. *Eit takke- og lovprisingsmåltid*

Dei første kristne kalla nattverden eukaristi, takkseing. Då lovprisar og forkynner kyrkjelyden for både menneske og styremakter at det er eit sigersmåltid. Her lovar, takkar og tilber vi Han som er Herren over universet.

2. *Eit minnemåltid* – for som Skrifta seier, gjer vi det til minne om Jesus. Å minnast i denne samanhengen er noko anna enn å koma på noko vi har lett for å gløyma. Det er ikkje slik at vi må minna oss sjølv på Jesus eller hugsa kva han gjorde. Det greske ordet anamnese, som er brukt om å minnast, er avleidd av å påkalla, få til å koma nær. Det å minnast vil seia at Han kjem nær og er sjølv nærverande, gjennom nattverdselementa og gjennom Ordet.

3. *Eit nådemåltid* – vi får del i Jesu død og oppstode. Etter nattverden blir det sagt: «Med det har han sona alle våre synder.» Vi tek imot Guds nåde gjennom Jesu lekam og blod. I innstiftinga bind Jesus saman den gamle og den nye pakt når han bryt brødet og gjev kalken.

Her møter vi måltidsofferet i den gamle pakt, der øvstepresten gjev ut av det som blir ofra på altaret, og den nye pakt, der Jesus er den som blir ofra og gjev seg sjølv. I oppstoda blir dette biletet sprengt: Han som vart ofra, er Han som lever.

4. *Eit fellesskapsmåltid* – vi har alle del i same lekam og same blod. Nattverden er paktmåltidet der vi knyter band til kvarandre og til Kristus. I nattverden står kyrkjelyden sterkare fram enn i noka anna handling. I nattverden har vi fellesskapet med den universelle kyrkja på jord. Men vi lyfter òg hjartet og tek del i lovsongen med den evige himmelske kyrkjelyden, som vi skal vera fullkome saman med ein gong.

5. *Eit håpsmåltid* – «inntil han kjem»
Nattverdsbordet peikar mot Guds framtid. Det leier vår tanke og ånd mot Lammets bryllaupsmåltid på den nyskapte jorda. Kvar gong vi går til nattverd, er det ein forsmak på dette festmåltidet og Guds folks fullenda felleskap med Kristus der.

Som eit svar på Kristi fullkomne offer ber vi fram vår kropp som eit levande og heilagt offer til glede for Gud (Rom 12,1). Kyrkjelyden ofrar seg sjølv og sitt liv til Gud som eit takkeoffer.

Nattverden er ikkje berre ei symbolsk handling eller ei symbolsk bru mellom den truande her nede og

Kristus der oppe. Vi ønskjer å lyfta fram eit frimodig luthersk syn på nattverden der vi trur at Kristus er verkeleg til stades gjennom dei elementa som er innvigde ved Guds ord og bøn. Vi ønskjer at kyrkjelydane våre skal få eit rikare syn på nattverden, så dei kan gripa han som eit mysterium. Den franske kristne tenkjaren og matematikaren Blaise Pascal sa: «Hjartet har ein forstand som forstanden ikkje forstår.»

Frå Herrens måltid. Veiledning om nattverden og nattverdpraksis i Den Evangelisk Lutherske Frikirke

Røter og venger

Kyrkjelydane blir oppmoda til å feira Herrens nattverd regelmessig og ofte. Røtene til dette ligg i den tidlege bønetradisjonen i den kristne kyrkja, i korleis reformatjonen forstod nåden og med eit universelt perspektiv – slik at samfunnet av og med dei heilage kan byggjast og få venger.

Til feiring av nattverden har Frikyrkja ei ordning med grunnlag i ein klassisk kyrkjeleg tradisjon – Alternativ C. Ei enklare og kortare utgåve av denne står som A i del 2 ORDNINGA. Alternativ B har eit meir moderne språk og eignar seg særleg i gudstenester med born.

Alle døypte blir innbedne til felleskap med Jesus i nattverden. Born som blir opplærte i å sjå samanhengen mellom nattverden og den trua dei har på Jesus Kristus, skal ein oppmuntra til å vera med ved

nattverden. Borna tek del i nattverden i følgje med foreldra eller andre truande som har ansvar for dei. Det er inga nedre aldersgrense for å vera med i nattverden.

Dei som ikkje er døypte, enten det er born, ungdom eller vaksne, kan bli velsigna ved nattverden.

Hovudgudstenesta i Frikyrkja

*Vi gjer framlegg om at frie innslag skal leggjast til stader i gudstenesta som er merkte med *. Les meir om dette i slutten av kapitlet s. 42.*

<p>1. SAMLING (Innleiing) 1. Musikk</p>	<p>1. Musikk – Forventning – Bøn – Stille – Glede Herren kallar sitt folk til fellesskap med seg på Kristi oppstodedag. I Jesu namn samlast vi til eit møte med den heilage Gud og nådige Frelsar. Lat oss vera i glad forventning denne dagen – og i stille bøn. Eit musikkstykkje eller forspel til den første salmen, eventuelt ein bibelsk salme. Eller det kan vera lovsongar sungne i fellesskap eller av kor.</p>
<p>2. Helsing</p>	<p>2. Helsing – Handtrykk frå vår himmelske Far Opningsorda kan til dømes vera ei nåde- og fredshelsing og så nokre ord om dagen i kyrkjeåret og om gudstenesta ein skal feira. Helsinga kan så avsluttast med eit bibelord som seier at Gud er til stades blant sitt folk, og ord som kallar oss til å søkja Herren og lovprisa namnet hans. Eventuelt bøn for dagen.</p>

<p>3. Salme</p>	<p>3. Salme – Kyrkjelyden i møte med den treeinige Gud Innleiingssalmen gjev uttrykk for at kyrkjelyden står for Herren, den heilage og nådige Gud. Så sant det er råd, bør denne salmen vera i tråd med temaet for dagen og gjerne med ei tilbeding av den treeinige Gud – Faderen, Sonen og Anden. Titlar finn ein i salmebøkene under Lovsong og tilbeding, Morgonsalmar, Opningsalmar, Gudstenesta, Bibelske salmar.</p> <p>«Herren er i sitt heilage tempel; ver stille for han, heile jorda!» <i>Hab 2,20</i></p>
<p>2. BØN OG LOVPRISING</p> <p>1. Synds- vedkjenning *</p>	<p>Gudstenesta – Staden å bli av med syndene sine og dela gledene sine I denne delen av gudstenesta kan vi koma fram for Herren med både sorg og jubel.</p> <p>1. Syndsvedkjenning – «Herre, reins meg frå synda mi!» Ei allmenn vedkjenning som vi seier fram i fellesskap eller stille, i veksellesing mellom forsamling og leiar eller med ein salme som</p>

<p>Bønerop (Kyrie) Lovnadsord (Absolusjon)</p> <p>2. Lovsong (Gloria)</p> <p><i>* Fri lovprising</i></p> <p><i>* Song og spel, born og vaksne</i></p>	<p>syndsvedkjenning. Dette hjelper kvar av oss til meir konkret syndsvedkjenning, enten det er stille for Herren i gudstenesta eller i einerom og ved skriftemål. Vedkjenninga kan ein innleia med eit bibelord som kallar oss til oppgjer. Vi kan halda fram med eit bønevers og avslutta med eit ord om tilgjeving (lovnadsord).</p> <p>2. Lovsong – «Jeg vil gi deg, o Herre, min lovsang»</p> <p>Herren, som ser til oss i evig nåde og kjærleik, vil vi gje vår lovsong. Lovsongen og tilbedinga skal ikkje først og fremst ha lærande innhald. Ein skal ikkje undervisa om Gud, men takka og tilbe han, gjerne med ein fast lovsong og så eitt eller fleire lovprisingsvers. Ein kan gje ordet fritt til lovprising med eigne ord, eit bibelord eller eit salmevers.</p> <p>Born og vaksne i felleskapet</p> <p>Så følgjer korsong, solosong og/eller song og spel med og av born og vaksne.</p> <p>I kyrkjelyden treng vi å syna at borna sjølvsagt høyrer med i</p>
---	---

	<p>gudstenestefellesskapet. Vi kan fortelja litt om kva som skal skje på sundagsskulen denne dagen. Før vi syng sundagsskulesongen og borna går til sundagsskulesamlinga si, kan vi ha ei kort bøn, gjerne slik:</p> <p>3. Bøn for dagen Denne bøna er ei</p> <ul style="list-style-type: none"> • bøn for sundagen, gudstenesta og sundagsskulen • bøn for den som skal tala Herrens ord, og for alle som skal høyra Ordet • bøn om ei sann tru, ei rett tilbeding og ei frimodig teneste. <p>Den som skal lesa bibeltekstane for dagen, ein av sundagsskulelærarane eller den som leier gudstenesta, ber denne bøna.</p>
<p>Dåp</p>	<p>Dåp Når det er dåp, bør den vera før sundagsskulen tek til, så borna kan vera med. Dåpen skjer i vatn (overausing eller neddukking), i den treeinige Guds namn og med bøn om Andens kraft og gåver. Sjå ordninga for dåp (av born og vaksne).</p>

	<p>«Frå djupet ropar eg til deg, Herre. Herre, høyr mi røyst! Vend øyret til mitt rop om nåde.» <i>Salme 130,1–2</i></p>
<p>3. HERRENS ORD 1. Lesing frå Det gamle og Det nye testamentet</p> <p>* </p>	<p>1. Lesingar – Gud har noko på hjartet</p> <p>Bibelen er Guds ord. Gud talar til oss gjennom Den heilage skrifta. Han har gjeve oss denne boka fordi han har noko på hjartet som han vil seia oss. Den som skal gje orda frå Herren vidare, må difor sjølv lytta til Guds hjerteslag, førebu seg i bøn og lesa tekstane høgt og tydeleg.</p> <p>Teksten til den første lesinga er vanlegvis frå Det gamle testamentet etter teksttrekkje-tradisjonen, og den andre lesinga er frå eit av breva i Det nye testamentet eller frå Apostelgjerningane eller Johannes' openberring. Av og til kan det vera nødvendig at den som les, seier nokre ord for å forklara tekstane og den samanhengen dei står i.</p> <p>Syng bibelviser i gudstenesta!</p> <p>Tekstane les ein gjerne etter kvarandre. Men: Mellom lesingane eller etter andre lesing kan ein syngja</p>

<p>2. Truvedkjenning</p>	<p>ein salme som svarar til dagen eller til ein av tekstane, gjerne ein bibelsk salme eller ei bibelvise.</p> <p>2. Truvedkjenninga – Vårt svar på Guds tiltale</p> <p>Innhaldet i den kristne kyrkjelyden si tru er samla i truvedkjenninga. Den apostoliske truvedkjenninga er den mest kjende og brukte i vår tradisjon, medan Den nikenske – i si originale form – er den eineståande økumeniske vedkjenninga. Kyrkjelyden blir oppmoda til å bruka bae. Bibelens eigne ord kan òg brukast som truvedkjenning, til dømes Kristus-hymnen i Fil 2,6–11, og då i veksellesing mellom forsamling og leiar.</p> <p>Når vi seier fram truvedkjenninga, vitnar Guds born om sin himmelske Far, sin frelsar og hjelpar.</p> <p>Truvedkjenninga er òg ein lovsong til Gud og eit svar på det Gud har sagt til oss i ordet sitt. Difor kan vi av og til syngja ein truvedkjenningssalme, til dømes «Vi trur på ein allmektig Gud» (263 i <i>ÆvG</i>), «O store Gud, vi lover deg» (2, v.1–6 i <i>ÆvG</i>), «Fader, Sønn og Hellig Ånd» (336 i <i>SU</i>) eller «Gud skapte lyset» (243 i <i>Norsk salmebok</i></p>
---------------------------------	---

<p>5. Salme</p> <p>*</p>	<p>gjennom ordet sitt. Teksten og preika som eg høyrer, ligg der stille og stum. Men brått hender det noko. Orda som vart lesne og tala, tek til å retta seg mot meg. Dei handlar om MEG! Denne opplevinga verkar Den heilage ande.</p> <p>Preiketeksten er til vanleg henta frå eit av evangelia i Det nye testamentet. Ein variant til denne ordninga kan vera å gå gjennom eit bibelsk skrift i samanheng. Alternativt kan ein velja ei tematisk (kateketisk) form.</p> <p>Eventuelt truvedkjening.</p> <p>5. Salmen etter preika</p> <p>Denne salmen skal passa til preika og hjelpe kyrkjelyden til å slutta seg til Herrens ord.</p> <p>Rom for stille ettertanke, vitnemål og andre frie ytringar kan høva mellom preika og forbøna. Slik respons på evangelieforkynninga kan gjera gudstenesta rikare og meir allsidig.</p> <p>«Ordet er deg nær, i din munn og i ditt hjarte. Det er ordet om trua, det som vi forkynner.» <i>Rom 10,8</i></p>
---------------------------------	--

<p>4. FORBØN</p> <p>1. Kunngjeringar *</p> <p>2. Ofring</p>	<p>1. Kunngjeringar Kunngjeringar og annan informasjon er det nødvendig å koma med i gudstenesta, men slikt kan ofte opplevast som eit antiklimaks midt mellom preika og forbøna. Mange vil difor ta kunngjeringane før salmen før preika eller i avslutninga før den siste salmen. I alle fall gjeld det for den som gjev informasjonen: Førebu godt, det du skal seia. Ver sikker på at opplysningane er rette. Ver kort!</p> <p>2. Takkoffer til Herren Pengeinnsamling i gudstenesta er ein viktig del av takkofferet frå kyrkjelyden. Pengane våre er Guds eigedom. Vi fekk dei så vi skulle bruka dei rett. Ofringa kan gå føre seg ved innsamling i kyrkjebenkene eller ved at ein går fram i kyrkja for å gje gåva si (eller til ein bankterminal), gjerne til musikk og/eller song. Ofringa kan avsluttast med ei kort bøn.</p> <p>3. Takk og bøn for alle ting Det høyrer med til barneretten at vi</p>
--	--

<p>3. Takk og forbøn</p> <p>*</p>	<p>kan koma fram for vår himmelske Far med alle ting. Paulus oppmodar den kristne kyrkjelyden til å takka og be for alle menneske, for det politiske livet, for alt som er rett og godt, og om at evangeliet må nå lenger ut. (1 Tim 2,1 ff)</p> <p>Forbøna bør ha ei fast oppbygging, men kvar del kan formulerast fritt, eller ein kan bruka ord frå gudstenesteboka. (Sjå ORDNINGA og TILLEGGET.) Oppbygginga kan vera slik:</p> <p>A. Innleiande takkedel B. Bøn for kyrkjelyden C. Bøn for kyrkja og misjonen D. Bøn for land og folk E. Bøn for verda F. Høve til fri bøn (høgt eller stilt) G. Avsluttande bønedeel</p> <p>Bøneforma bør varierast frå sundag til sundag – frå ei fast formulert bøn som leiaren av bønetenesta ber, til fri bøn eller bøner formulerte av fleire personar. Eller ein kan ha bønevandring, dvs. at deltakarane går mellom ulike bønestasjonar i kyrkjeromet, tenner lys, skriv</p>
--	---

<p>Herrens bøn</p>	<p>bønesetlar, blir bedne for av ein forbedar osb. Fleire blir trekte inn i leiinga av forbøntenesta. Bønedelen blir avslutta med Herrens bøn (når det ikkje er nattverd i gudstenesta).</p> <p>«Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseing.» <i>Fil 4,6</i></p>
<p>5. HERRENS BORD Nattverdsfeiring</p>	<p>Nattverden – Ein himmelfest på jord</p> <p>I nattverden møter den oppstadne og sigrande Jesus Kristus oss. Han gjev seg sjølv til oss i brød og vin, to handfaste teikn på Guds usynlege nåde. Han tilgjev oss. Han fyller oss med sin kjærleik og utrustar oss til teneste i verda.</p> <p>Framstillinga av nattverden er mest innhaldsrik i Ordning for nattverd C, men alle hovudpunkta er med i den enklare utgåva A i del 2 ORDNINGA – og i B, som har eit enkelt og meir moderne språk.</p>

<p>1. Bøn og fredshelsing</p>	<p>1. Bøn og fredshelsing Nattverdsfeiringa tek til med innbyding til Herrens bord og salmesong. Når ein syng salmen, kan brød og vin berast fram. Ein kan gje rom for bøn og syndsvedkjenning. Vi er kalla til eit liv i forsoning og fred. Som eit teikn på den innbyrdes kjærleiken som Herren kallar oss til, helsar vi kvarandre med «Guds fred». For «Kristus er vår fred. Vi er lemer på Kristi kropp».</p>
<p>2. Lovprising av Faderen</p>	<p>2. Lovprising av Faderen Sidan nattverden er ei forkynning og feiring av det Gud har gjort, sømer det seg å takka og lova Faderen for alt han har gjort – og framleis gjer – i skaparverket, i utløysing og helging. Saman med englane syng vi hans pris i himmelen og på jorda: «Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av hans herlegdom.»</p>
<p>3. Kristi innstifting av nattverden</p>	<p>3. Kristi innstifting av nattverden Den kristne kyrkjelyden tek imot nattverden som ei gåve frå Herren. Paulus skriv: «For eg har teke imot frå Herren det eg òg har overgjeve til dykk: Den natta Herren Jesus vart</p>

<p>4. Minnemåltid og Herrens bøn</p>	<p>sviken, tok han eit brød, takka, braut det og sa: Dette er min kropp, som er for dykk. Gjer dette til minne om meg!» (1 Kor 11,23–24ff)</p> <p>I brødet og vinen kjem Gudsriket nær. Og vi kan i fellesskap seia: «Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.»</p> <p>4. Minnemåltid og Herrens bøn</p> <p>Nattverden feirar vi til minne om den krossfeste og oppstadne Kristus. Å minnast i denne samanhengen er noko anna enn å koma på noko vi har lett for å gløyma. Det å minnast vil seia at Kristus blir ført nær og sjølv er nærverande. Det tyder òg at nattverden er det levande og verksame teiknet på offeret han bar fram ein gong for alle på krossen, det offeret som er verkekräftig for heile menneskeslekta, no og i all tid. Kristus er sjølv til stades i dette måltidet og gjev oss del i samfunnet med seg sjølv. Difor minner vi kvarandre om den store forsoninga og ser i forventning fram mot at Herren skal koma att i herlegdom – og vi seier i fellesskap: «Vår Far i himmelen.</p>
---	---

	<p>Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma.»</p> <p>5. Brødbryting og song til Guds Lam</p> <p>Vi bryt brødet og innleier då gjerne med desse orda: «Brødet som vi bryt, gjev oss del i Kristi kropp. Fordi det er eitt brød, er vi alle ein kropp. For vi har alle del i det eine brødet.» Når vi bryt brødet, er hjartet vendt mot Jesus Kristus – Guds Lam – han som utan skuld ber synda i verda.</p>
<p>5. Brødbryting og salmesong</p> <p>6. Nattverdsmåltid</p>	<p>6. Nattverdsmåltidet</p> <p>Herrens bord er gjort ferdig, og alt er klart til måltidsfelleskap med Kristus og alle som høyrer med til kyrkja. Brødet og vinen blir delt ut med orda: «Dette er Jesu lekam», «Dette er Jesu blod» eller «Kristi kropp gjeven for deg», «Kristi blod utrent for deg». I tru og takksemd tek nattverdsgjestene imot, gjerne med eit «amen» – slik kyrkjefader Martin Luther oppmoda til.</p> <p>Born, unge og vaksne som ikkje er døypte, kan velsignast ved nattverden. Under utdelinga kan ein spela musikk, syngja bønne- og lovsongar til den nærverande Jesus Kristus eller ha det</p>

<p>7. Takkebøn for nattverden *</p>	<p>heilt stilt.</p> <p>7. Takkebøn for nattverden Til avslutning på nattverdsfeiringa kan han/ho som gjer teneste ved Herrens bord, sitera eit bibelord. Han/ho kan då gje ordet fritt til takk og bøn eller be ei bøn med takk for dei gåvene vi har fått.</p> <p>«Denne mannen tek imot syndarar og et i lag med dei.» <i>Luk 15,2b</i></p>
<p>6. SENDING (Avslutning) 1. Salme</p> <p>2. Velsigning</p>	<p>1. Sluttsalmen – Sending Sluttsalmen kan ha ulik karakter. Det kan vera lovsong og tilbeding av den treeinige Gud – Faderen, Sonen og Anden. Salmen kan peika imot at Jesus skal koma att, og at Gud skal gjera alt nytt, eller salmen kan vera ei bøn om rettleiing og hjelp for livet og tenesta som ventar.</p> <p>2. Velsigninga – Ei helsing frå Herren Velsigninga er ikkje eit fromt ønske som blir bore fram. Det velsigninga seier, skjer verkeleg. Kristus, som er midt iblant oss, handlar gjennom velsigninga – ikkje magisk, men ut frå</p>

	<p>sitt ord og det han lova. Tek vi imot Herrens velsigning i tru, blir ho til velsigning for oss. Stiller vi oss avvisande, kan ho bli til forbanning.</p> <p>«Herren velsigne deg og vare deg! Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig! Herren lyfte sitt andlet mot deg og gje deg fred!» <i>4 Mos 6,24–26</i></p>
Amen	<p>Amen – Kyrkjelyden svarar Det er godt å kunna stemma i eit «amen» når velsigningsorda har lydd. I synagogen var amen særleg brukt der kyrkjelyden høgt slutta seg til bønner og lovprisingar. Den som bad eller lova Gud, sa aldri amen sjølv. Amen er etter innhaldet eit svar, eit ja til det som er sagt.</p>
3. Musikk	<p>3. Musikk – Utfordring – Stille – Glede Eit musikkstykkje eller etterspel til slutningssalmen, eventuelt korsong.</p>
4. Utsending	<p>4. Utsending til gudstenesta i kvardagen Sundagsgudstenesta er til ende. Kvardagsgudstenesta ventar. Vi blir sende ut av Guds hus med ei helsing,</p>

*	<p>til dømes med desse orda:</p> <p>«Gå i fred og ten Herren med glede!»</p> <p>Frie innslag i gudstenesta</p> <p>Vi gjer framlegg om at frie innslag skal leggjast til stader i gudstenesta som er merkte med *. Desse kan vera:</p> <p><i>Bøn eller vedkjenning – høgt eller stilt</i></p> <p><i>Vitnemål og trushistorie</i></p> <p><i>Lovprising</i></p> <p><i>Profeti og tungetale med tyding</i></p> <p><i>Åndelege songar og viser, korsong, musikk, dans og drama</i></p> <p><i>Stille tid til ettertanke og bøn</i></p> <p><i>Ønske om forbøn o.a.</i></p>
---	--

I gudstenesta har det vore eit møte mellom Gud Herren og hans folk. Det har vore til oppbygging og glede for den truande kyrkjelyden og til eit vitnemål for dei som har sett det heile litt på avstand. Form og fasong på dei ulike ledda i gudstenesta kan variera frå stad til stad og til ulike tider. Men sjølve møtet med Herren inneheld alle dei dimensjonane vi har teke fram her: bøna og vedkjenninga, tilbedinga og undringa, forkynninga og feiringa, fellesskapet og utsendinga.

Sjå òg:

Herrens måltid – Veiledning om nattverden og nattverdpraksis i Den Evangelisk Lutherske Frikirke. (Frikyrkja sitt temahefte 2013).

«Når dere kommer sammen...» Gudstenesta i kristne kyrkjer og trussamfunn i Noreg. Norges Kristne Råds skriftserie – nr. 16. 2012. Sjå:
www.norgeskristnerad.no

Tekstane i kyrkjeåret: Sjå heimesida til Frikyrkja:
www.frikirken.no

Salmar og songar frå *Ære være Gud* og *Salmer underveis*. Salmeforslag: Sjå heimesida til Frikyrkja:
www.frikirken.no

Hovudgudstenesta

Del 1 INNLEIING

Sjå *Fest i Guds hus* Om gudstenesta i Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja, s. 1–44 og samtaleplanen, s. 135–140.

Del 2 ORDNINGA

Rettleiing

Norm og tilrådingar – struktur og fridom

1 Gudstenesta er sentrum i livet til den kristne kyrkjelyden. Alle liturgiar (bibelord, bønner, vedkjenningar, tekstar, songar, forkynning, handlingar osv.) skal lyfta fram den bibelske bodskapen som er komen til kyrkja frå Jesus Kristus og apostlane. Norma må vera at alle våre liturgiar forkynner det vi som kyrkje lærer.

2 I gudstenesta skal det leggjast vekt på

- *universell utforming* (å vera medviten om at kyrkjelyden held gudsteneste saman med heile Guds familie, både i himmelen og på jorda)
- *historisk arv* (å knyta seg til levd trusliv frå oldkyrkja, reformasjonen og Frikyrkja si eiga historie)
- *lokal forankring* (å få fram den sosiale og kulturelle samanhengen som kvar kyrkjelyd står i)

3 Seks hovuddelar

Frikyrkja ønskjer eit sant, rikt og variert gudstenesteliv i kyrkjelydane ut frå prinsippa ovanfor.

Hovudgudstenesta har seks hovuddelar. Dei er:

1. Samling (Innleiing)
2. Bøn og lovprising
3. Herrens ord
4. Forbøn
5. Herrens bord
6. Sending (Avslutning)

Denne hovudgudstenesta bør feirast ofte, enten slik det er gjort framlegg om i denne boka, eller i kombinasjon med andre ordningar som familiegudsteneste, forbøns- og lovsongsgudsteneste osv. I INNLEIINGA står det meir om gudstenesta og korleis den skal vera.

4 Fast struktur og formular ein kan velja

Ordning for hovudgudstenesta inneheld frå eitt til tre formular ein kan velja til dei forskjellige ledda. Fleire av ledda har alternative formular i TILLEGGET lenger bak i boka.

I sjølve ORDNINGA er nokre ledd faste og bør vera med i alle gudstenester, og nokre ledd er valfrie og kan vera med av og til – alt etter tidsplanen eller det ein ønskjer å leggja vekt på i gudstenesta.

5 Frie innslag i gudstenesta

For at gudstenesta kan få ei naturleg veksling mellom fast form og spontanitet, vil vi rå til å ha frie innslag på

stader i gudstenesta som er merkte med *. Desse frie innsлага kan vera:

- Bøn eller vedkjenning – høgt eller stilt
- Vitnesbyrd og trushistorie
- Lovprising
- Profeti og tungetale med tyding
- Åndelege songar og viser, korsong, musikk, dans og drama
- Stille tid til ettertanke og bøn
- Ønske om forbøn

6 Leiing av gudstenesta

Førebuing og gjennomføring av hovudgudstenesta og dei ulike tenestene krev at dei som høyrer til kyrkjelyden, er aktivt med. Pastorar og eldste er ordinerte og sette til hyrdingtenesta i Frikyrkja, tenesta med ord, sakrament og bøn. Nokre av desse – og andre som har nådegåver og utrusting til åndeleg leiarskap – blir sette til å leia gudstenesta i Jesu stad.

Gudstenesteleiaren er liturg og ikkje konferansier. Å føra ein kyrkjelyd fram for Gud er ei *liturgisk* teneste. Liturgen handlar både på Guds vegner og på vegner av kyrkjelyden ut frå det oppdraget Jesus gav apostlane sine, det som vi har arva gjennom kyrkja sitt liv og historie.

Om planlegging og leiing av gudstenesta, sjå INNLEIINGA.

7 Nattverden

Synoden oppmodar kyrkjelydane til å feira Herrens nattverd med jamne mellomrom og minst ein gong i månaden, gjerne oftare.

Ei gyldig forvaltning av nattverden krev at han/ho som forrettar, gjer det som Kristi innstifting forkynner:

- «Han tok» – frambering av gåvene: brød og vin
- «Han takka» – takkebøn for Guds frelsegjer-ningar, innviing av gåvene og påkalling av Den heilage ande over gåvene
- «Braut det» – bryting av det innvigde brødet før utdeling
- «Gav dei» – utdeling/måltid

Sjå temaheftet *Herrens måltid – Veiledning om nattverden og nattverdpraksis i Den Evangelisk Lutherske Frikirke* (2013), som òg tek opp desse emna:

- Ulike typar brød og vin
- Tiltråding om at brødet blir brote, og at vinen blir innvigd i eitt beger, før utdeling
- Utdelingsform
- Born og nattverd
- Udøypte og nattverd
- Nattverd og kyrkjetukt
- Nattverd i huskyrkjelyden
- o.a.

Synoden tilrår at kvar kyrkjelyd er konsekvent i innhaldet i si innbyding av born, unge og vaksne som

ikkje er døypte, sjå nattverdsliturgiane A, B og C (punkta 5.1).

8 Salmar

Lovsongar til Gud som skapar, Kristus som frelsar og Den heilage ande som rettleiar, bønerop, lovprisingsvers, forkynnande songar og åndelege viser. Desse blir framførte primært av kyrkjelyden i fellesskap, men dei kan òg syngjast av kor/korgrupper, solistar og andre. Salmen skal understreka den bibelske karakteren som den kyrkjelege handlinga har, og hjelpa dei frammøtte til å gje sitt svar på Guds ord og vilje.

9 Kyrkjeåret

Høgtider og tekstar gjennom kyrkjeåret gjev struktur og substans for forkynning og feiring i kyrkjelyden. Om kyrkjelyden ønskjer det, kan ein, i staden for å følgja tekstrekkjene, i periodar gå gjennom eit bibelsk skrift i samanheng eller ha temaundervisning. Tekstane gjennom kyrkjeåret og salmeforslag til gudstenesta frå *Ære være Gud* og *Salmer underveis* ligg ute på Frikyrkja si heimeside: www.frikirken.no

10 Estetikk

Pastor og eldste kan bruka alba og stola ved liturgiske handlingar i hovudgudstenesta, eller dei kan vera kledde i sivile klede. Omvend snipp markerer kyrkjeleg teneste og kan berast. Høgtidene i kyrkjeåret og festar kan synleggjerast i val av fargar på tekstilane i kyrkjerommet og andre utsmykkingar.

11 Målform

Kyrkjelyden gjer vedtak om kva målform gudstenesta skal ha.

12 Forkortingar

L viser kva som skal seiast av han/ho som leier (forrettar) gudstenesta.

A viser kva kyrkjelyden i fellesskap skal vera med på.

K kyrkejelydssvar ved mellom anna forbøner og veksellesing.

ÆvG salmeboka *Ære være Gud*

SU salmeboka *Salmer underveis*

13 Synoden tilrår

Synoden 2014 har godkjent og tilrådt gudstenesteboka og liturgiane til bruk i kyrkjelydane i Frikyrkja.

Hovudgudstenesta

1. SAMLING

1. Musikk

Eit musikkstykke eller førespel til den første salmen, eventuelt ein bibelsk salme. Eller det kan vera lovsongar sungne i fellesskap eller av kor.

2. Helsing

Han/ho som leier gudstenesta, helsar kyrkjelyden. Opningsorda kan til dømes vera:

Enten A:

L Kjære kyrkjelyd!
 Nåde vere med dykk og
 fred frå Gud, vår Far,
 og Herren Jesus
 Kristus.
 Velkomne til
 gudsteneste.

Eller B:

L Kjære kyrkjelyd!
 Dette er dagen som
 Herren har gjort; lat oss
 jubla og gleda oss no!
 Velkomne til
 gudsteneste.

Etter opningsorda kan han/ho som leier, kort seia noko om korleis denne dagen er, og om gudstenesta som følgjer. Helsinga kan avsluttast med eit passande skriftord, til dømes eitt av desse:

Enten A:

L Takk Herren, for han er god, evig varer hans miskunn!

1 Krøn 16,34

Eller B:

L Søk Herren medan han er å finna, kall på han når han er nær!

Jes 55,6

3. Salme

Innleiingssalmen bør gje uttrykk for at kyrkjelyden står for Herren, den heilage og nådige Gud. Så sant det let seg gjera, bør salmen koma inn på det som er tema for dagen, og gjerne byggja opp under tilbedinga av den treeinige Gud – Faderen, Sonen og Anden.

Salmen kan alternativt syngjast rett etter innleiande musikk.

2. BØN OG LOVPRISING

1. Syndsvedkjenning

Innleiing

Enten A:

L Lat oss bøya oss for Gud og stilt leggja fram for han det som ligg oss på hjartet:

- Stille

Og i fellesskap sannar vi syndene våre:

Eller B:

L Herren bur i det høge og heilage og hos den som er knust og nedbøyd i si ånd. Han har lova at om vi sannar syndene våre, vil han tilgje oss og reinsa oss frå all urett.

La oss difor stilt leggja fram for han det som ligg oss på hjartet:

- Stille

Og i fellesskap sannar vi syndene våre:

Vedkjennning

Enten A:

A Heilage Gud,
himmelske Far.

Sjå i nåde til meg,
syndige menneske,
som har såra deg med
tankar, ord og
gjerningar,

med svikt og
forsøming, og

kjenner hugen til det
vonde i hjartet mitt.

For Jesu Kristi skuld,
ha tol med meg.

Tilgje meg alle mine
synder

og gje at eg må ottast
og elska einaste deg.

Eller B:

A Gud, vi legg det
sårbare livet vårt fram
for deg.

Vi kjem med alt det
gode du har gjeve oss,
og med alt som er knust
og øydelagt.

Vi kjem med våre
synder, vonbrot
og nederlag,
med vår einsemd og
våre sorger,
og med gledene våre og
vår djupe
lengt etter deg.

Ta imot oss, Herre,
og vis oss ditt milde
andlet
når vi her og no søkjer
deg (og deler gåvene på
ditt bord).

Høyr oss, vi ber i Jesu
namn.

Bønerop

Kyrkjelyden kan syngja:

Enten A:

Tilgje oss, Herre tilgje
oss,
høyr vår bøn om nåde,
Herre tilgje oss.

Kyrie eleison,
høyr vår bøn om nåde,
Kyrie eleison.

Kriste eleison,
høyr vår bøn om nåde,
Kriste eleison.

Melodi 376 i SU

Eller B:

Herre, eg ropar til deg,
du min Frelsar,
eg søkjer tilflukt,
mi tilflukt hos deg. (x2)

Melodi 239 i SU

Lovnadsord

Enten A:

L Guds ord seier:
Dersom vi vandrar i
lyset, liksom han er i
lyset, då har vi
fellesskap med
kvarandre, og blodet frå
Jesus, hans Son, reinsar
oss for all synd.

1 Joh 1,7

Eller B:

L Guds ord seier:
Han vart såra for våre
brot, knust for våre
synder. Straffa låg
på han, vi fekk fred,
ved hans sår vart vi
lækte.

Jes 53,5

2. Lovsong

Kyrkjelyden reiser seg.

Enten A:

Gloria, gloria, in
excelsis Deo!
Gloria, Gloria.
Halleluja, halleluja!

Lova Gud, lova Gud,
lova Gud i det høgste!
Lova Gud, lova Gud.
Halleluja, halleluja!

243 i SU

Eller B:

Store og mektige er
dine gjerninger,
Herre Gud allmektig!
(x2)
Rette og sanne er dine
veier,
du tidsaldrenes konge!
(x2)
Herre Gud allmektig!
Alle folk skal komme
og tilbe foran deg! (x2)
Herre Gud allmektig.

354 i SU

Eller C:

Vi vil juble, ja rope av
fryd!
Vi vil samle vår takk i
en levende krans som vi
bærer til Gud gjennom
lek, gjennom dans, vi
vil takke vår Herre!
All ære er hans!
Vi vil juble, ja rope av
fryd!

Vi vil juble, ja rope av
fryd!
Vi vil tenke på alle de
ting vi har fått
gjennom dager av gull,
gjennom dager i grått,
Vi vil takke for alt, vi
som har det så godt
og kan juble og rope av
fryd!

Vi vil juble, ja rope av
fryd!

Vi vil be, vi vil ønske at
lovsangens ord
blir til handling som
kanskje kan sette sitt
spor
slik at noen i mismotets
skygge på jord
kan få juble og rope av
fryd!

Vi vil juble, ja rope av
fryd!
Flett din lovsang og
takkebønn inn i vår
krans,
klapp i hender for
Herren i glede og dans.
Våre liv, våre timer og
dager er hans,
og vi vil juble og rope
av fryd!

355 i SU

**Høve til frie lovprisingsbøner og lovsong.*

Kyrkjelyden set seg.

***Born og vaksne i kyrkjelyden**

Så følgjer korsong, solosong og/eller song og spel med og av born og vaksne.

Det kan forteljast litt om kva som skal skje på sundagsskulen denne dagen.

Før sundagsskulesongen blir sunge og borna går til si sundagsskulesamling: ei kort bøn for dagen.

3. Bøn for dagen

Tekstlesar, gudstenesteleiar eller sundagsskuleleiar ber ei bøn som passar til denne dagen.

- *Bøn for sundagen, gudstenesta og sundagsskulen.*
- *Bøn for han/ho som skal forkynna Herrens ord, og for alle som skal høyra Ordet.*
- *Bøn om ei sann tru, ei rett tilbeding og ei frimodig teneste.*

Bøna tek til med:

Lat oss be.

Dåp

Når det er dåp, bør den haldast før sundagsskulen så borna kan vera med.

3. HERRENS ORD

1. Lesing frå Den heilage skrifta

Teksten til den første lesinga hentar vi til vanleg frå Det gamle testamentet i samsvar med teksttrekkjetradisjonen.

Teksten til den andre lesinga hentar vi til vanleg frå eitt av breva i Det nye testamentet eller frå Apostelgjerningane eller Johannes' openberring.

Om ein ynskjer det, kan tekstlesaren seia nokre ord for å forklara tekstane og den samanhengen dei står i.

Tekstlesinga tek til slik:

Lat oss høyra Herrens ord frå ...

Lesinga kan avsluttast med:

Slik lyder Herrens ord.

Mellom lesingane, eventuelt etter andre lesing, kan det syngjast ein kort salme som svarar til det spesielle med dagen eller høver til ein av tekstane, gjerne ein bibelsk salme eller ei bibelvise.

2. Truvedkjenning

Han/ho som leier, eller tekstlesaren:

Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

Enten A:

*Kyrkjelyden reiser seg
og seier fram den
apostoliske
truvedkjenninga:*

A Eg trur på Gud
Fader, den allmektige,
som skapte himmel og
jord.

Eg trur på Jesus
Kristus,
Guds einborne Son, vår
Herre,
som vart avla ved Den
heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius
Pilatus,
krossfest, døydde og
vart gravlagd,
fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde
tredje dagen,
fór opp til himmelen,

sit ved høgre handa åt
Gud, den allmektige
Fader,
skal koma att derifrå
og døma levande og
døde.

Eg trur på Den heilage
ande,
ei heilag, allmenn
kyrkje,
eit samfunn av dei
heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen
og evig liv.
Amen.

Eller B:

*Kyrkjelyden reiser seg
og seier fram den
nikenske
truvedkjenninga:*

*(Sjå TILLEGGET for
den originale/
økumeniske versjonen.)*

A Vi trur på éin Gud,
den allmektige Far,
som har skapt himmel
og jord,
alt synleg og usynleg.

Vi trur på éin Herre,
Jesus Kristus,
Guds einborne Son,
fødd av Faderen før alle
tider,
Gud av Gud, lys av lys,
sann Gud av sann Gud,
fødd, ikkje skapt,
av same vesen som
Faderen.
Ved han er alt skapt.
For oss menneske og til
vår frelse
steig han ned frå
himmelen,
og ved Den heilage
ande og av Maria møy
vart han menneske av
kjøt og blod.
Han vart krossfest for
oss under Pontius
Pilatus,
leid og vart gravlagd,
stod opp tredje dagen
etter Skriftene

og fór opp til
himmelen,
sit ved høgre handa åt
Faderen,
skal koma att i
herlegdom
for å døma levande og
døde,
og hans rike skal vera
utan ende.

Vi trur på Den heilage
ande,
som er Herre og gjer
levande,
som går ut frå Faderen
og Sonen,
som vert tilbeden og
æra saman med Faderen
og Sonen,
og som har tala
gjennom profetane.
Vi trur på éi heilag,
allmenn og apostolisk
kyrkje.
Vi vedkjennest éin dåp
til forlating for syndene
og ser fram til oppstoda
av dei døde
og eit liv i den komande
verda. Amen.

Kyrkjelyden set seg.

Sjå TILLEGGET for desse versjonane:

- *Bibelens eigne ord kan òg nyttast som truvedkjening, til dømes Kristus-hymnen i Fil 2,6–11 i veksellesing mellom forsamling og leiar (C).*
- *I økumeniske gudstenester, til dømes med den ortodokse kyrkja, nyttar ein den nikenske truvedkjeninga i si originale form – utan tilføyinga i 3. artikkel: «og (frå) Sonen» (D).*
- *I staden for å seia fram truvedkjeninga kan ein syngja ein truvedkjeningssalme, sjå døme.*

Truvedkjeninga kan alternativt plasserast etter salmen etter preika.

*(*Eventuelt song og spel med born, sundagsskulesong, korsong, dåp o.a.)*

(Kunngjeringar kan koma her.)

3. Salme før preika

Ein salme som førebur preika, gjerne ein salme om og til Den heilage ande. Kan falla bort dersom truvedkjeninga blir sunge.

4. Evangelium og preike

Preiketeksten blir vanlegvis henta frå eit av evangelia i Det nye testamentet. Ein variant til denne ordninga kan vera å gå gjennom eit bibelsk skrift i samanheng. (Alternativt kan ein velja ei tematisk/kateketisk form.)

Evangelielesinga kan innleiast og/eller avsluttast med ein kort salme eller eit halleluja-omkved. På høgtidsdagar syng ein eit vers som passar til høgtida.

Tekstlesinga kan avsluttast med fri bøn eller:

Heilage Far, helga oss i sanninga, ditt ord er sanning. Amen.

Preika kan avsluttast med denne lovprisinga:

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som var og er og vera skal ein sann Gud frå æve og til æve.

5. Salme etter preika

Salme som passar til preika, og som hjelper kyrkjelyden til å slutta seg til Herrens ord.

*

Eventuelt truvedkjenning.

4. FORBØN

1. Kunngjeringar

Kunngjeringar kan koma her eller på ein annan eigna stad, alt etter kva slags informasjon det er, og kor mykje det er tale om.

2. Ofring

Ofringa kan skje ved innsamling i kyrkjebenkane eller ved at ein går fram i kyrkja for å gje gåva si (eller til ein bankterminal), gjerne til musikk og/eller song.

Ofringa kan avsluttast med ei kort bøn, til dømes slik:

L Gud, vår skapar, di er jorda og alt som fyller henne. Alt vi eig, høyrer deg til. Velsign dei gåvene som er gjevne i vår kyrkjelyd, så dei blir til gagn for ditt rike og for nesten vår.

3. Forbøn

Han/ho som leier, eller ein annen bønleiar, innleier bøna slik:

L Lat oss takka og be.

Forbøna bør ha ei fast oppbygging, men kvar del kan formulerast fritt. Oppbygginga kan til dømes vera slik:

A. *Innleiande takkedel*

B. *Bøn for kyrkjelyden*

C. *Bøn for kyrkja og misjonen*

D. Bøn for land og folk

E. Bøn for verda

*F. *Høve til fri bøn (høgt eller stille)*

G. Avsluttande bønedel

Forbøna kan ordnast på følgjande måtar:

- a. Bøneleiaren ber ei fast formulert bøn i samanheng.*
- b. Den fast formulerte bøna blir beden med svar frå kyrkjelyden mellom kvar del.*
- c. Dei enkelte ledda i forbøna blir fordelte på fleire personar, eventuelt slik at den enkelte formulerer sjølvstendige bøner.*
- d. Bøneleiaren oppmodar til fri bøn, gjerne med oppgjevne emne, til dømes slik:*

Lat oss be for kyrkjelyden vår.

Lat oss be for kyrkja og misjonen.

Dersom ein nyttar svar frå kyrkjelyden, kan kvar bønedel avsluttast med orda:

Det ber vi deg om, vår Gud og Far.

Som svar frå kyrkjelyden kan ein bruka:

Herre, høyr vår bøn.

Eller ein kan syngja eit bønevers.

Sjå TILLEGGET for desse versjonane:

- Forbøna kan òg leggjast opp som bønemandring, med lystenning, personleg forbøn, velsigningsbøn, stille stund, bønelappar i bønekrukker, skriftemål, bilete eller konsentrasjon om*

bibelord, teiknestad for born osv. (Forbønsmodell 3)

- *Forbøna kan alternativt koma fram gjennom salmesong, til dømes:
Gud, våre år blir til i dine hender (339 i SU).
Sjå fleire under Forbønsmodell 2.*

Når det ikkje er nattverd eller dåp, sluttar forbøna med Herrens bøn.

Bøneleiaren saman med kyrkjelyden:

Eller:

A Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på
jorda slik som i
himmelen.
Gjev oss i dag vårt
daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre
skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i
freisting, men frels oss
frå det vonde.
For riket er ditt,
og makta og æra i all
æve.
Amen.

A Fader vår, du som er
i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på
jorda så som i
himmelen.
Gjev oss i dag vårt
daglege brød.
Forlat oss vår skuld,
som vi òg forlet våre
skuldmenn.
Før oss ikkje ut i
freisting, men frels oss
frå det vonde.

og makta og æra i all
æve.

Amen.

For riket er ditt,

*I kyrkjelydar som ønskjer å bruka ei fast formulert bøn,
kan bønleiaren be slik:*

Forbøn I

Bønleiar:

Lat oss takka og be.

Allmektige, evige Gud,
vi takkar deg og prisar ditt heilage namn,
for du er god og di miskunn varer til evig tid.
Vi ber for di kyrkje på jord.
Gjev einskap mellom alle truande.
Lat evangeliet ha framgang i alle land.
Sjå i nåde til folket som du gav
dine løfte i den gamle pakt.
Styrk forkynnningar og misjonærar
og alle som strir den gode trusstriden.
(Vi ber for ... *aktuelle emne kan nemnast*)
Hald oss fast i di sanning.
Det ber vi deg om, vår Gud og Far.
K *Kyrkjelydssvar* Herre, høyr vår bøn
Eller ein kan syngja eit bønvers.

Vi ber for kyrkjelyden vår.

Gjev oss mot og vilje til å tena deg.
 Styrk oss gjennom Ordet og sakramenta,
 så vi får kraft og vilje til å stå saman
 mot vonde krefter.

Kall konfirmantane våre til eit liv
 i tru og teneste.

(Vi ber om ... *aktuelle bønemne kan nemnast.*
Dersom kyrkjelyden bruker bønekrukke/-skål,
kan bønene bli bedne her.)

Lei oss ved ditt ord og din visdom.
 Det ber vi deg om, vår Gud og Far.

K *Kyrkjelydssvar*

Vi ber for kyrkja vår,
 for skulane våre og for alle dei
 som har eit leiaransvar i kyrkja.
 Styr og lei oss etter din gode vilje.
 (Vi ber om ... *aktuelle emne kan nemnast*)

Vi ber for land og folk.

Velsign kongen og hans hus. Gi truskap
 og dømekraft til alle som har fått eit leiaransvar
 i landet vårt land og i heile verda.

Det ber vi deg om, vår Gud og Far.

K *Kyrkjelydssvar*

Vi ber for menneske som har det vondt,
 for sjuke og einsame, for heimlause,
 for flyktningar og krigsoffer,
 for alle som lir urett og er undertrykte,
 og for dei som nyleg er komne til landet vårt.
 (Vi ber for ... *aktuelle emne kan nemnast*)

Hjelp oss å verna om menneskeverdet
frå livets opphav til livets slutt.

Det ber vi deg om, vår Gud og Far.

K *Kyrkjelydssvar*

Vi ber for verda.

Vara alle folk på jorda frå flaum og turke,
og velsign oss med godt og tenleg vêr.

Gjev oss vilje til å ta vare på jorda du har gjeve oss.

Gjev fred og fridom for folk og nasjonar,
rettferd i samfunn og arbeidsliv,

velsigning over arbeidet vårt
og evne og vilje til å dela rettferdig.

(Vi ber om ... *aktuelle emne kan nemnast*)

Gjev oss din fred.

Det ber vi deg om, vår Gud og Far.

K *Kyrkjelydssvar*

Forbøna kan avsluttast slik:

I stille – eller høgt med kvarandre – vil vi no leggja
fram for deg det kvar og ein av oss har på hjartet.

Høve til fri takk og bøn.

I Jesu Kristi namn ber vi til deg, vår Gud og Far.

K *Kyrkjelydssvar*

*Når det ikkje er nattverd eller dåp, blir forbøna
avslutta med Herrens bøn.*

Forbøn II

Bøneleiar:

Lat oss takka og be.

Allmektige Gud, du som har skapt alle ting,
Vi takkar deg for livet og for alle dine gåver.
Vi takkar deg for liv og helse,
for alt som let oss kjenna at du er god.

Herre Jesus, takk for di frelse.
Takk for at din nåde er ny kvar dag.
Gjer din kyrkjelyd levande.
Sameina oss i deg, og hjelp oss ved din Heilage Ande
å trengja djupare inn i evangeliet
så vi kan bli fylte av din kjærleik.

Du er vegen, sanninga og livet.
Gje oss ikkje ro før alle folkeslag får høyra evangeliet.
Lat oss vitna om di frelse i ord og gjerningar.

Herre, vår Gud, vi takkar deg for landet du har gjeve
oss.
Takk for livsgrunnlag, fridom og fred.
Gjev oss leiarar som veit og vil det som er sant og rett,
og lær oss alle lydnad mot dine bod.
Hjelp oss så vi ikkje gløymer å takka for din godleik.

Himmelske Far, hjelp oss alle å dela rikdomane på
jorda rett
og forvalta dei til di ære og til nytte og glede for
komande slekter.

Før dei fattige i verda ut av naud og fornedring og set dei undertrykte fri.

Far, Son og Heilag Ande, vi ber om di signing.
Takk at du har lova å vera med di kyrkje så lenge verda står.

Forbøna kan avsluttast slik:

Stille – eller høgt med kvarandre – vil vi no leggja fram for deg det kvar og ein har på hjartet.

Høve til fri takk og bøn.

Når det ikkje er nattverd eller dåp, sluttar forbøna med Herrens bøn.

Andre forbøner, bønevandring og andre bønemodellar

Sjå TILLEGGET for andre forbøner:

- Forbøn III og Forbøn IV

og forbønsmodellar:

- Lystenning
- Salmar og songar
- Bønevandring

5. HERRENS BORD

Nattverdsliturgi A

Ordninga byggjer på ein klassisk kyrkjeleg tradisjon og er ei enklare og kortare utgåve av nattverdsliturgi C. (Nattverdsliturgi B har eit meir moderne språk og eignar seg særleg i gudstenester med born.)

1. Innbyding

Han/ho som forrettar, ber inn alle døypte og truande til Herrens bord og minner om kva nattverden er og gjev, til dømes slik:

Enten A:

L Alle som er døypte og vil følgja Jesus, blir innbedne til å ta del i nattverdsmåltidet.

Born, ungdom eller vaksne som ikkje er døypte, blir innbedne til å koma fram og ta imot velsigning ved nattverden.

Eller B:

L Den krossfeste og oppstadne Kristus kallar oss i nattverdsmåltidet til fellesskap med seg og sin verdsvide kyrkjelyd gjennom alle tider. Dette måltidet peikar tilbake på Jesu død på krossen, og det peikar fram mot det fullkomne festmåltidet i himmelen.

I nattverdsmåltidet har
Jesus på ein særleg
måte lova sitt
underfulle nærvær, han
som gjev tilgjeving og
oppreising, håp og evig
liv. Difor blir alle som
er døypte og vil følgja
Jesus, innbedne til å ta
del i dette måltidet.

*Born, ungdom eller
vaksne som ikkje er
døypte, blir innbedne til
å koma fram og ta imot
velsigning ved
nattverden.*

Eller C:

L Alle som trur på
Jesus og vil ha
fellesskap med han, blir
innbedne til å ta del i
nattverdsmåltidet.

2. Salme før nattverden

*Medan salmen blir sunge, ber ein fram brød og vin,
dersom det ikkje vart gjort då gudstenesta tok til.*

3. Lovprising – Herrens innstiftingsord – Måltid

L Lat oss takka Herren vår Gud.

Kyrkjelyden reiser seg.

Enten A:

L Vi takkar deg,
heilage Gud, ved Son
din Jesus Kristus.
Han er det evige Ordet,
og ved dette Ordet
skapte du alt.
Då tida var inne, sende
du han til verda som
frelsar og frigjerar.
Difor prisar vi deg,
saman med alle dine
heilage i himmelen og
på jorda:

Eller B:

L I sanning verdig og
rett er det at vi alltid og

alle stader takkar deg,
allmechtige Gud, evige
Far, ved Jesus Kristus,
vår Herre, han som
gjorde oss til sine
læresveinar og lova å
vera med oss alle dagar
så lenge verda står.
Ved han lovsyng
englane din herlegdom,
og di kyrkje i himmelen
og på jorda prisar
namnet ditt med
samrøysta lovsong.
Med dei vil vi òg
blanda våre røyster og
tilbedande syngja:

Lovsong

Enten A:

Heilag, heilag, heilag!
Herre Gud allmechtig,
jord og hav og himmel,
sjå alt skal prisa deg!

Heilag, heilag, heilag!
Nådefull og prektig.
Fader, Son og Ande,
all ære vere deg!
Melodi 19, v. 4 i ÆvG

Eller B:

Du er hellig, du er hel.
 Du er alltid mye mer
 enn vi noen gang
 forstår.

Du er nær oss nå.

Velsignet være du,
 vår Herre og vår Gud.
 Din velsignelse på jord
 blir til brød på vårt
 bord.

Du er hellig. Du er
 helhet. Du er nærhet.
 Hele kosmos lover deg!
 Hosianna, hosianna,
 hosianna,
 hosianna, vår Gud!

32 i SU

Eller C:

Heilag, heilag, heilag
 er Herren Sebaot.
 Heilag, heilag, heilag er
 Herren Sebaot.

Heile jorda er full av
 hans herlegdom,
 heile jorda er full av
 hans herlegdom,
 heile jorda er full av
 hans herlegdom,
 ære vere Gud!

163 i SU

L Lova vere du, heilage Gud, Skapar av himmel og jord, du som har elska verda og gjeve Son din, Jesus Kristus, for at han skulle frelsa oss frå synd og død og vinna deg eit heilagt folk. Vi ber deg: Send din Ande over oss og over dine gåver, så vi i tru kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.

L Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød,

(han/ho som forrettar, tek brødet)

takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min lekam (kropp) som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg.

Like eins tok han kalken etter måltidet,

(han/ho som forrettar, tek kalken)

takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk til forlating for syndene. Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seia:

L Mysteriet i trua er stort.

A Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

Så følger:

L Nådige Gud, vi feirar dette måltidet med glede og takk for din Sons fullførte offer, i trua på hans sigerrike oppstode og himmelfart og i von om at han skal koma att i herlegdom. Sameina med han som greinene med vintreet, ber vi: Lær oss å elska kvarandre slik som du har elska oss, og lat oss ein gong samlast hos deg i ditt fullkomne rike.

Eller:

L Herre! Du bad om at vi må vera der du er, slik at vi kan sjå din herlegdom. No kjem vi til ditt bord der du er til stades gjennom brød og vin. Ta imot oss, og lat dette måltidet føra oss stadig nærmare deg og kvarandre. Velsigna vere du, Gud, i all æve.

Deretter:

A Vår Far i himmelen!
 Lat namnet ditt helgast.
 Lat riket ditt koma.
 Lat viljen din råda på jorda
 slik som i himmelen.
 Gjev oss i dag vårt daglege brød,
 og tilgjev oss vår skuld,
 slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
 Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.
 For riket er ditt,

og makta og æra i all æve.
 Amen.

Eller:

A Fader vår,
 du som er i himmelen!
 Lat namnet ditt helgast.
 Lat riket ditt koma.
 Lat viljen din råda på jorda
 så som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt
 daglege brød.
 Forlat oss vår skuld,
 som vi òg forlet våre
 skuldmenn.
 Før oss ikkje ut i
 freisting, men frels oss
 frå det vonde.
 For riket er ditt,
 og makta og æra i all
 æve.
 Amen.

Fredshelsing

L Lat oss helsa kvarandre med «Guds fred».

Dei som er til stades, helsar kvarandre med «Guds fred».

L Kom, for alt er gjort ferdig!

I hovudgudstenesta rår ein til å ha utdeling ved vandrande nattverd eller med ståande halvsirkel ved nattverdsbordet. Nattverdsgjestene går då fram i kyrkja og tek imot elementa ståande, eventuelt knelande.

Der ein ikkje vel å bruka kontinuerleg nattverds-utdeling, kan nattverdsgjestene bli helsa med eit høveleg bibelord ved kvar utdeling og/eller «Fred vere med dykk».

Ved utdelinga kan ein eldste, ein diakon eller ein annan medhjelpar assistera.

Brødet og vinen blir gjevne med desse orda:

Dette er Jesu lekam (kropp).

Dette er Jesu blod.

Eller:

Kristi lekam (kropp) gjeven for deg.

Kristi blod utrent for deg.

Den enkelte kan svara: Amen.

Born og andre som kjem fram, og som viser at dei ikkje skal ta imot nattverden, blir velsigna av han/ho som ber brødet, med handspålegging eller krossteikning. Døme på velsigningsord:

Gud velsigne deg og vare deg.

Under utdelinga kan det spelast musikk, kyrkjelyden kan syngja bønne- og lovsongar til den nærverande Jesus Kristus, eller det kan vere stille.

Etter utdelinga seier han/ho som forrettar:

L Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin heilage lekam (kropp) og sitt dyre blod. Med det har han sona alle våre synder. Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige liv.

L *kan leggja til:* Fred vere med dykk.

6. SENDING

Fredshelsing kan leggjast i forkant av sluttsalmen eller etter velsigninga i staden for under nattverden, til dømes slik:

L Kristus er vår fred. Vi er lemer på Kristi kropp. Vi som er sameina med Gud og har fred med han, er kalla til eit liv i forsoning med kvarandre.

Lat oss difor reisa oss og helsa kvarandre med «Guds fred».

Dei som er til stades, reiser seg og helsar kvarandre med «Guds fred».

1. Sluttsalme

Salmen syng vi ståande.

Sluttsalmen kan ha ulik karakter. Han kan vera lovsong og tilbeding av den treeinige Gud – Faderen, Sonen og Anden. Han kan peika mot Jesus som skal koma att, og mot Guds nyskaping. Eller salmen kan vera ei bøn om rettleiing og hjelp for livet og tenesta som ventar.

2. Velsigning

Enten A:

L Ta imot velsigninga!
L Herren velsigne deg
 og vare deg!
 Herren la sitt andlet
 lyse over deg
 og vere deg nådig!
 Herren lyfte sitt åsyn på
 deg
 og gjeve deg fred!
K Amen.

Eller B:

L Ta imot velsigninga!
L Herren velsigne deg
 og vare deg!
 Herren la sitt andlet
 lyse over deg
 og vere deg nådig!
 Herren lyfte sitt andlet
 mot deg
 og gjeve deg fred!
K Amen.

Kyrkjelyden set seg.

3. Musikk

*Eit musikkstykke eller etterspel til sluttsalmen,
 eventuelt korsong. Kyrkjelyden blir sitjande.*

4. Utsending

Han/ho som leier, kan til slutt seia:

L Gå i fred. Ten Herren med glede!

*Eller eit anna passande utsendingsord, sjå
 TILLEGGET.*

Eller kyrkjelyden kan syngja på veg ut, til dømes:

Må din vei komme deg i møte (624 i Norsk
 salmebok 2013. Eller 55 i Syng håp).

Nattverdsliturgi B

Ordninga har eit moderne språk og eignar seg særleg i gudstenester med born. (Nattverdsliturgi C byggjer på ein klassisk kyrkjeleg tradisjon. Ei enklare og kortare utgåve av C finst som nattverdsliturgi A.)

5. HERRENS BORD

1. Innbyding

Han/ho som forrettar, bed inn alle døypte og truande til Herrens bord og minner om kva nattverden er og gjev, til dømes slik:

Enten A:

L Alle som er døypte og vil følgja Jesus, blir innbedne til å ta del i nattverdsmåltidet.

Born, ungdom eller vaksne som ikkje er døypte, blir innbedne til å koma fram og ta imot velsigning ved nattverden.

Eller B:

L Den krossfeste og oppstadne Kristus kallar oss i nattverdsmåltidet til fellesskap med seg og sin verdsvide kyrkjelyd gjennom alle tider. Dette måltidet peikar tilbake på Jesu død på krossen, og det peikar fram mot det fullkomne festmåltidet i himmelen.

I nattverdsmåltidet har
 Jesus på ein særleg
 måte lova sitt
 underfulle nærvær, han
 som gjev tilgjeving og
 oppreising, håp og evig
 liv. Difor blir alle som
 er døypte og vil følgja
 Jesus, innbedne til å ta
 del i dette måltidet.

*Born, ungdom eller
 vaksne som ikkje er
 døypte, blir innbedne til
 å koma fram og ta imot
 velsigning ved
 nattverden.*

Eller C:

L Alle som trur på
 Jesus og vil ha
 fellesskap med han, blir
 innbedne til å ta del i
 nattverdsmåltidet.

2. Salme før nattverden

*Medan salmen blir sunge, ber ein fram brød og vin,
 dersom det ikkje vart gjort då gudstenesta tok til.*

3. Lovprising – Herrens innstiftingsord – Måltid

L Lat oss takka Herren vår Gud.

Kyrkjelyden reiser seg

L Vi takkar deg, gode Gud, du som held himmel og jord i dine hender. Saman med englane og di kyrkje i himmelen og på jorda lovprisar vi ditt heilage namn:

A *syng Heilag SANCTUS – eller ein annan lovsong.*

L Heilage Gud, du har skapt oss i ditt bilete og gjeve oss livet i gåve. Vi takkar deg for Jesus Kristus, verdens frelsar. Han døydde og stod opp att, så vi ved trua på han får tilgjeving for syndene og evig liv. Vi takkar deg for dåpen, der vi blir fødde på nytt, og for nattverden, der du samlar oss som din store familie. Vi ber deg: Send din Ande over oss og over dine gåver, så vi i tru kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen. Gjer oss til eitt med kvarandre og med Jesus Kristus.

L Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød,

(han/ho som forrettar, tek brødet)

takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min lekam (kropp) som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg.

Like eins tok han kalken etter måltidet,

(han/ho som forrettar, tek kalken)

takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk til forlating for syndene. Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seia:

L Mysteriet i trua er stort.

A Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

Så følgjer:

L Gud, ta oss alle i din famn, slik ei kjærleg mor samlar borna sine om seg. Gje oss å elska kvarandre slik du elskar oss. Lat dei små bli lyfte opp og dei svoltne bli metta med gode gåver.

Liturgen og/eller eitt eller fleire born seier:

Saman med alle dine born ber vi den bønna Son din har lært oss.

A Vår Far i himmelen!
 Lat namnet ditt helgast.
 Lat riket ditt koma.
 Lat viljen din råda på jorda
 slik som i himmelen.
 Gjev oss i dag vårt daglege brød,
 og tilgjev oss vår skuld,
 slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
 Og lat oss ikkje koma i freisting,
 men frels oss frå det vonde.
 For riket er ditt,
 og makta og æra i all æve.
 Amen.

Fredshelsing

L Lat oss helsa kvarandre med «Guds fred».
Dei som er til stades, helsar kvarandre med «Guds fred».

L Kom, for alt er gjort ferdig!

I hovudgudstenesta rår ein til å ha utdeling ved vandrande nattverd eller med ståande halvsirkel ved nattverdsbordet. Nattverdsgjestene går då fram i kyrkja og tek imot elementa ståande, eventuelt knelande.

Der ein ikkje vel å bruka kontinuerleg nattverdsutdeling, kan nattverdsgjestene bli helsa med eit høveleg bibelord ved kvar utdeling og/eller «Fred vere med dykk».

Ved utdelinga kan ein eldste, ein diakon eller ein annan medhjelpar assistera.

Brødet og vinen blir gjevne med desse orda:

Dette er Jesu lekam (kropp).

Dette er Jesu blod.

Eller:

Kristi lekam (kropp) gjeven for deg.

Kristi blod utrent for deg.

Den enkelte kan svara: Amen.

Born og andre som kjem fram, og som viser at dei ikkje skal ta imot nattverden, blir velsigna av han/ho som ber brødet, med handspålegging eller krossteikning. Døme på velsigningsord:

Gud velsigne deg og vare deg.

Under utdelinga kan det spelast musikk, kyrkjelyden kan syngja bønne- og lovsongar til den nærverande Jesus Kristus, eller det kan vere stille.

Etter utdelinga seier han/ho som forrettar:

L Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin heilage lekam (kropp) og sitt dyre blod. Med det har han sona alle våre synder. Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige liv.

L *kan leggja til:* Fred vere med dykk.

6. SENDING

Fredshelsing kan leggjast i forkant av sluttsalmen eller etter velsigninga i staden for under nattverden, til dømes slik:

L Kristus er vår fred. Vi er lemer på Kristi kropp. Vi som er sameina med Gud og har fred med han, er kalla til eit liv i forsoning med kvarandre.

Lat oss difor reisa oss og helsa kvarandre med «Guds fred».

Dei som er til stades, reiser seg og helsar kvarandre med «Guds fred».

1. Sluttsalme

Salmen syng vi ståande.

Sluttsalmen kan ha ulik karakter. Han kan vera lovsong og tilbeding av den treeinige Gud, Faderen, Sonen og Anden. Han kan peika mot Jesus som skal koma att, og mot Guds nyskaping. Eller salmen kan vera ei bøn om rettleiing og hjelp for livet og tenesta som ventar.

2. Velsigning

Enten A:

L Ta imot velsigninga!
L Herren velsigne deg
 og vare deg!
 Herren la sitt andlet
 lyse over deg
 og vere deg nådig!
 Herren lyfte sitt åsyn på
 deg
 og gjeve deg fred!
K Amen.

Eller B:

L Ta imot velsigninga!
L Herren velsigne deg
 og vare deg!
 Herren la sitt andlet
 lyse over deg
 og vere deg nådig!
 Herren lyfte sitt andlet
 mot deg
 og gjeve deg fred!
K Amen.

Kyrkjelyden set seg.

3. Musikk

*Eit musikkstykke eller etterspel til sluttsalmen,
 eventuelt korsong. Kyrkjelyden blir sitjande.*

4. Utsending

Han/ho som leier, kan til slutt seia:

L Gå i fred. Ten Herren med glede!

*Eller eit anna passande utsendingsord, sjå
 TILLEGGET.*

Eller kyrkjelyden kan syngja på veg ut, til dømes:

*Må din vei komme deg i møte (624 i Norsk
 salmebok 2013. Eller 55 i Syng håp).*

Nattverdsliturgi C

Ordninga byggjer på ein klassisk kyrkjeleg tradisjon. Ei enklare og kortare utgåve av ordninga finst som nattverdsliturgi A. (Nattverdsliturgi B har eit meir moderne språk og eignar seg særleg i gudstenester med born.)

5. HERRENS BORD

1. Innbyding

Han/ho som forrettar, ber inn alle døypte og truande til Herrens bord og minner om kva nattverden er og gjev, til dømes slik:

Enten A:

L Alle som er døypte og vil følgja Jesus, blir innbedne til å ta del i nattverdsmåltidet.

Born, ungdom eller vaksne som ikkje er døypte, blir innbedne til å koma fram og ta imot velsigning ved nattverden.

Eller B:

L Den krossfeste og oppstadne Kristus kallar oss i nattverdsmåltidet til fellesskap med seg og sin verdsvide kyrkjelyd gjennom alle tider. Dette måltidet peikar tilbake på Jesu død på krossen, og det peikar fram mot det fullkomne festmåltidet i himmelen.

I nattverdsmåltidet har
 Jesus på ein særleg
 måte lova sitt
 underfulle nærvær, han
 som gjev tilgjeving og
 oppreising, håp og evig
 liv. Difor blir alle som
 er døypte og vil følgja
 Jesus, innbedne til å ta
 del i dette måltidet.

*Born, ungdom eller
 vaksne som ikkje er
 døypte, blir innbedne til
 å koma fram og ta imot
 velsigning ved
 nattverden.*

Eller C:

L Alle som trur på
 Jesus og vil ha
 fellesskap med han, blir
 innbedne til å ta del i
 nattverdsmåltidet.

2. Salme før nattverden

*Medan salmen blir sunge, ber ein fram brød og vin,
 dersom det ikkje vart gjort då gudstenesta tok til.*

Innleiing til nattverden

Syndsvedkjening kan leggjast i forkant av nattverden som alternativ til framlegget i andre hovuddel av gudstenesta (2. Bøn og lovprising). Denne delen bør innehalda:

- Innleiingsord
- Stille
- Felles vedkjening
- Lovnadsord

Ein kan innleia nattverdsfeiringa med:

Bøn og fredshelsing

L Lat oss be.

Enten A:

L Herre Gud, himmelske Far! Vi kjem til ditt bord på grunn av din store nåde i Jesus Kristus, vår Herre. Ta imot oss, og la dette måltidet føra oss stadig nærare deg og kvarandre. Velsigna vere du, Gud, i all æve.

Eller B:

L Herre! Du bad om at vi må vera der du er, slik at vi kan sjå din herlegdom. No kjem vi til ditt bord, der du er til stades gjennom brød og vin. Ta imot oss, og la dette måltidet føra oss stadig nærare deg og kvarandre. Velsigna vere du, Gud, i all æve.

Her kan følgja:

L Kristus er vår fred. Vi er lemer på Kristi kropp. Vi som er forsona med Gud og har fred med han, er kalla til eit liv i forsoning med kvarandre.

Lat oss difor reisa oss og helsa kvarandre med «Guds fred».

Dei som er til stades, reiser seg og helsar kvarandre med «Guds fred».

3. Lovprising og Herrens innstiftingsord

L Lat oss takka Herren vår Gud.

Kyrkjelyden blir ståande.

L I sanning, verdig og rett er det at vi alltid og alle stader prisar deg Herre, heilage Far, allmektige, evige Gud, Skaparen av himmel og jord ved Son din, Jesus Kristus vår Herre.

Enten A:

L I kraft av ein evig Ande bar han seg sjølv fram som eit lytelaust offer for Gud og sette seg ved Majestetens høgre hand for alltid.

Eller B:

L Du åleine er verd vår takk og lovprising.

Du elska oss med så stor ein kjærleik at du gjorde oss levande med Kristus, vi som var døde på grunn av syndene våre. Han som ikkje visste av synd, gjorde du til synd for oss, for at vi i han skal få di rettferd.

L Ved han lovsyng englane din herlegdom, og din kyrkjelyd i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med sameina jubel. Med dei vil også vi sameina våre røyster og tilbedande syngja.

Enten A:

Heilag, heilag, heilag!
Herre Gud allmektig,
jord og hav og himmel,
sjå alt skal prisa deg!

Heilag, heilag, heilag!
Nådefull og prektig.
Fader, Son og Ande,
all ære vere deg!

Melodi 19, v. 4 i ÆvG

Eller B:

Du er hellig, du er hel.
Du er alltid mye mer
enn vi noen gang
forstår.

Du er nær oss nå.

Velsignet være du,
vår Herre og vår Gud.
Din velsignelse på jord
blir til brød på vårt
bord.

Du er hellig. Du er
helhet.

Du er nærhet.

Hele kosmos lover deg!

Hosianna, hosianna,
hosianna,
hosianna, vår Gud!

32 i SU

Eller C:

Heilag, heilag, heilag
er Herren Sebaot.

Heilag, heilag, heilag er
Herren Sebaot.

Heile jorda er full av
hans herlegdom,
heile jorda er full av
hans herlegdom,
heile jorda er full av
hans herlegdom,
ære vere Gud!

163 i SU

L Lova vere du, heilage Gud, himmelske Far, som i kjærleik til din falne skapning let Jesus Kristus bli menneske for å frelsa oss frå synd og død og vinna deg eit heilagt folk. Vi ber deg: Send din Ande over oss og over dine gåver, så vi i tru kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.

L Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød,

(han/ho som forrettar, tek brødet)

takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min lekam (kropp) som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg.

Like eins tok han kalken etter måltidet,

(han/ho som forrettar, tek kalken)

takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk til forlating for syndene. Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seia:

L Mysteriet i trua er stort.

A Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

Så følgjer:

L Nådige Gud, vi feirar dette måltidet med glede og takk for din Sons fullførte offer, i trua på hans sigerrike oppstode og himmelfart og i von om at han skal koma att i herlegdom.

Sameina med han som greinene med vintreet, ber vi:
Lær oss å elska kvarandre slik som du har elska oss, og
lat oss ein gong samlast hos deg i ditt fullkomne rike.

A Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på
jorda
slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt
daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre
skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i
freisting, men frels oss
frå det vonde.
For riket er ditt,
og makta og æra i all
æve.
Amen.

Eller:
A Fader vår,
du som er i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på
jorda
så som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt
daglege brød.
Forlat oss vår skuld,
som vi òg forlet våre
skuldmenn.
Før oss ikkje ut i
freisting, men frels oss
frå det vonde.
For riket er ditt,
og makta og æra i all
æve.
Amen.

Kyrkjelyden set seg.

4. Brødsbryting

Han/ho som forrettar, bryt brødet, gjerne innleidd med orda:

Enten A:

L Velsigningsbegeret
som vi velsignar, gjev
oss del i Kristi blod.
Brødet som vi bryt,
gjev oss del i Kristi
kropp.
Fordi det er eitt brød,
er vi alle ein kropp.
For vi har alle del i det
eine brødet.

Eller B:

L Slik såkornet blir
spreidd ut over marka
og atter samla til dette
eine brødet,
som vi no bryt,
ber vi deg, Gud,
at du samlar di kyrkje
frå endane av jorda til
ditt rike.
Di er æra og makta
gjennom Jesus Kristus
til alle tider.

Deretter kan kyrkjelyden syngja:

Enten A:

Verdig, verdig er Guds Lam.
Verdig, verdig er Guds Lam.
Verdig, verdig er Guds Lam, Frelsaren.
Ære halleluja. Ære halleluja.
Ære halleluja, til Guds Lam.

134 i Fyll hele jorden med lovsang

Eller B:

Såkorn som dør i jorden,
oppstår som fylte aks.
Druer som knuses i gjærkar,
modnes til gyllen vin.
Gud, gi oss troen tilbake:
tro gjennom dypest mørke,
liv gjennom natt og død!

Vi som ble døpt til Kristus,
døpt til hans død og grav,
eier oppstandelsens løfte:
lovsang og evig liv.
Himmelens lovsang begynner
her hvor du selv er nær oss,
midt i vår natt og død.

Såkorn som dør i jorden,
lever i nye korn.
Kristus, i måltidets samfunn
gir du oss livets brød.
Deg skal vi takke og tilbe!
Slektenes evige lovsang
stiger fra natt og død!

Eller C:

Du Guds Lam uskuldig,

i hel på krossen slegen,

alt til døden lydig,

du gjekk den pinslevegen!

Du bar vår synd og møde,

for oss du måtte bløde.

Miskunna oss, vår Herre Jesus! (1. gong)

Gjev oss din fred, vår Herre Jesus! (2. gong)

324 i ÆvG

5. Nattverdsmåltidet

L Kom, for alt er gjort ferdig!

I hovudgudstenesta rår ein til å ha utdeling ved vandrande nattverd eller med ståande halvsirkel ved nattverdsbordet. Nattverdsgjestene går då fram i kyrkja og tek imot elementa ståande, eventuelt knelande.

Der ein ikkje vel å bruka kontinuerleg nattverdutdeling, kan nattverdsgjestene bli helsa med eit høveleg bibelord ved kvar utdeling og/eller «Fred vere med dykk».

Ved utdelinga kan ein eldste, ein diakon eller ein annan medhjelpar assistera.

Brødet og vinen blir gjevne med desse orda:

Dette er Jesu lekam (kropp).

Dette er Jesu blod.

Eller:

Kristi lekam (kropp) gjeven for deg.

Kristi blod utrent for deg.

Den enkelte kan svara: Amen.

Born og andre som kjem fram, og som viser at dei ikkje skal ta imot nattverden, blir velsigna av han/ho som ber brødet, med handspålegging eller krossteikning.

Døme på velsigningsord:

Gud velsigne deg og vare deg.

Under utdelinga kan det spelast musikk, kyrkjelyden kan syngja bønne- og lovsongar til den nærverande Jesus Kristus, eller det kan vere stille.

Etter utdelinga seier han/ho som forrettar:

L Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin heilage lekam (kropp) og sitt dyre blod. Med det har han sona alle våre synder. Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige liv.

L *kan leggja til:* Fred vere med dykk.

6. Takkebøn for nattverden

*

*Han/ho som forrettar, kan sitera eit høveleg bibelord.
Han/ho kan gje ordet fritt til takk og bøn eller be ei
bøn med takk for nattverdens gåver, til dømes slik:*

L Vi takkar deg, himmelske Far, for dine velsigna gåver. Vi ber deg at du ved desse gåvene vil vara oss i trua på deg, sameina oss i din kjærleik og stadfesta i oss vona om evig liv, for din Sons, Jesus Kristi, vår Herres skuld.

6. SENDING

Fredshelsing kan leggjast i forkant av sluttsalmen eller etter velsigninga i staden for under nattverden, til dømes slik:

L Kristus er vår fred. Vi er lemer på Kristi kropp. Vi som er sameina med Gud og har fred med han, er kalla til eit liv i forsoning med kvarandre.

Lat oss difor reisa oss og helsa kvarandre med «Guds fred».

Dei som er til stades, reiser seg og helsar kvarandre med «Guds fred».

1. Sluttsalme

Salmen syng vi ståande.

Sluttsalmen kan ha ulik karakter. Han kan vera lovsong og tilbeding av den treeinige Gud – Faderen, Sonen og Anden. Han kan peika mot Jesus som skal koma att, og mot Guds nyskaping. Eller salmen kan vera ei bøn om rettleiing og hjelp for livet og tenesta som ventar.

2. Velsigning

Enten A:

L Ta imot velsigninga!
L Herren velsigne deg
 og vare deg!
 Herren la sitt andlet
 lyse over deg
 og vere deg nådig!
 Herren lyfte sitt åsyn på
 deg
 og gjeve deg fred!
K Amen.

Eller B:

L Ta imot velsigninga!
L Herren velsigne deg
 og vare deg!
 Herren la sitt andlet
 lyse over deg
 og vere deg nådig!
 Herren lyfte sitt andlet
 mot deg
 og gjeve deg fred!
K Amen.

Kyrkjelyden set seg.

2. Musikk

*Eit musikkstykke eller etterspel til sluttsalmen,
 eventuelt korsong. Kyrkjelyden blir sitjande.*

3. Utsending

Han/ho som leier, kan til slutt seia:

L Gå i fred. Ten Herren med glede!

Eller eit anna passande utsendingsord, sjå

TILLEGGET.

Eller kyrkjelyden kan syngja på veg ut, til dømes:

Må din vei komme deg i møte (624 i Norsk salmebok 2013. Eller 55 i Syng håp).

Hovudgudstenesta

DEL 3 TILLEGGET

*Alternative formuleringar, bibelord,
bøner, salmar osv.*

1. SAMLING

2. Helsing

Eller C:

L Kjære kyrkjelyd!

Vi er komne saman som Guds familie i lag med vår himmelske Far.

Vi vil takka og æra han, høyra hans ord og tena han.

Vi vil bera fram for han nauda i verda og be om tilgjeving for syndene våre,

slik at vi ved hans Son, Jesus Kristus, vår Herre, på nytt kan ta imot nåde og kraft.

Velkomne til gudsteneste.

Eller D:

L I namnet til Faderen og Sonen og Den heilage ande.

Helsinga kan avsluttast med eit høveleg skriftord, til dømes eitt av desse:

Allment:

Herren er i sitt heilage tempel; ver stille for han, heile jorda! *Hab 2,20*

Legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseing. *Fil 4,6b*

Lat oss då ved Jesus Kristus alltid bera fram for Gud vår lovprising som offer, det vil seia frukta av lepper som vedkjenner hans namn.

Hebr 13,15

Gud, den einaste Gud, vår frelsar ved Jesus Kristus, vår Herre: Han tilhøyrer ære og majestet, velde og makt før all tid, no og i all æve! *Jud 25*

I glede og takk:

Pris Herren, kall på hans namn,
gjer gjerningane hans kjende blant folka!
Syng for han og spel for han,
syng om alle hans under! *Sal 105,1–2*

I trengsel:

Gud er vår tilflukt og styrke,
ei hjelp i naud og alltid nær. *Sal 46,2*

1. juledag:

For eit barn er oss fødd,
ein son er oss gjeven.
Herreveldet er lagt på hans skulder.
Han har fått namnet
Underfull rådgjevar, Veldig Gud,
Evig far, Fredsfyrste. *Jes 9,6*

1. påskedag:

L Kristus er oppstaden!
K Ja, han er sanneleg oppstaden.
L Kristus er oppstaden!
K Ja, han er sanneleg oppstaden.
L Kristus er oppstaden!
K Ja, han er sanneleg oppstaden.

1. pinsedag

Jesus sa: De skal få kraft når Den heilage ande
kjem over dykk, og de skal vera mine vitne i
Jerusalem og heile Judea, i Samaria og heilt til
enden av jorda. *Apg 1,8*

2. BØN OG LOVPRISING

1. Syndsvedkjenning

Innleiing

Eller C:

L Kom, lat oss gjera opp vår sak! seier Herren. Om syndene dykkar er som purpur, skal dei bli kvite som snø, om dei er raude som skarlak, skal dei bli kvite som ull.

Lat oss difor stilt leggja fram for han det som ligg oss på hjartet:

- Stille

Og i fellesskap sannar vi syndene våre:

Eller D:

L Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre:

Vedkjenning

Eller C:

Bøna om tilgjeving frå Salme 51 kan brukast til dømes i fastetida. Han/ho som forrettar, les gjerne i veksling med kyrkjelyden.

L Ver meg nådig, Gud, i din kjærleik,
K stryk ut mitt brot i di store miskunn!

L Vask meg rein for skuld
K og reins meg for mi synd!

L For mine brot kjenner eg,
K mi synd står alltid for meg.

L Mot deg åleine har eg synda,
K det som er vondt i dine auge, har eg gjort.

L Løyn ditt andlet for mine synder,
K stryk ut all mi skuld!

L Gud, skap i meg eit reint hjarte,
K gjev meg ei ny og stødig ånd!

L Driv meg ikkje bort frå ditt andlet,
K ta ikkje frå meg din heilage Ande!

L Gjev meg atter gleda over di frelse,
K hald meg oppe med ei villig ånd!

*Eller versjonen bakarst s. 166 II i SU,
 gudstenestedelen*

Eller D:

A Barmhjertige Gud!
 Vi bekjenner at vi er bundet av synd
 og ikke selv kan frigjøre oss.
 Vi har syndet mot deg i tanker, ord og gjerninger,
 både ved det vi har gjort, og ved det vi har latt ugjort.
 Vi har ikke elsket deg av hele vårt hjerte;
 vi har ikke elsket vår neste som oss selv.
 For Jesu Kristi skyld – ha langmodighet med oss.
 Tilgi oss, forny oss og led oss
 – slik at vi kan fryde oss over din vilje
 og vandre på dine veier til ære for ditt hellige navn.

Frå Lima-liturgien bakarst s. 165 III i SU, gudstenedelen

Eller E:

A Gud, ver meg nådig!
 Eg har synda mot deg og svikta min neste
 – med tankar og ord, med det eg har gjort,
 og med det eg har forsømt.
 Tilgje meg mi synd for Jesu Kristi skuld.
 Skap i meg eit reint hjarte,
 og gje meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.

*Frå Tomas-messa, utgåve på bokmål bakarst s. 165 IV
 i SU, gudstenedelen*

Eller F:

A Herre, du som har skapt himmel og jord, fjell og hav, alt som er.
 Du har gjeve oss å forvalta livets rett.
 No vedkjenner vi for deg at vi ikkje alltid har følgd din vilje.
 Mange stader er naturen plyndra og tømnd.
 Og mange gonger har vi teke meir til oss sjølv enn rett er,
 utan tanke på dei som svelt, og dei som kjem etter oss.
 Vi ber deg, Herre, tilgje oss vår synd for di miskunns skuld:
 Gje oss høve til å starta på nytt. Gje oss visdom og styrke,
 så kvar enkelt av oss rett kan forvalta det vi har fått.

Eller G:

- A I tillit til di miskunn kjem vi fram for ditt andlet.
- L Vi har ofte gått oss vill og late oss blenda av dei falske lysa i verda.
 Vi har svikta din vilje og ikkje gått dine vegar.
 Vi har elska oss sjølv høgare enn vi har elska vår neste.
- A Herre, tilgje oss og lei oss på rett veg.
- L Vi lever i ei verd med urett og naud der mange lir og døyr av fattigdom,
 medan vi brukar rikdomane på jorda som om alt hørde oss til.

- A** Herre, tilgje oss og lei oss på rett veg.
L Vår felles skuld er stor. Vi lever i eit system som held oppe uretten.
 Vi kjenner på motløyse og avmakt og gløymer ansvaret for eigen livsstil.
A Herre, tilgje oss og lei oss på rett veg.
 For Jesu Kristi skuld, tilgje oss syndene våre og vis oss veg i vår rådløyse!

Bønerop

Val av KYRIE – Bønerop

Eller C:

Kyrie eleison, Herre miskunna deg.
 Kriste eleison, Herre miskunna deg.
 Kyrie eleison, Herre miskunna deg.

Sigvald Tveit (bakarst s. 139 I i SU, gudstenestedelen)

Eller D:

Jon Kleveland i G2 (*bakarst s. 144 II i SU, gudstenestedelen*)

Eller E:

Jon Kleveland i Familiegudstjenesten (*bakarst s. 153 III i SU, gudstenestedelen*)

Andre songar:

Se i nåde til oss (*bakarst s. 160 i SU, gudstenestedelen*)

Kyrie eleison (*154 i SU*)

Kyrie eleison (*155 i SU*)

Vær stille og vit (*335 i SU*)

Som vinden stryk om mine kinn (*521 i Norsk salmebok 2013*)

Lovnadsord

Eller C:

L Guds ord seier: Dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd. *1 Joh 1,9*

Eller D:

L Guds ord seier: Jesus Kristus er ei soning for syndene våre, ja, ikkje berre for våre, men for alle i heile verda. *1 Joh 2,2*

2. Lovsong

Val av GLORIA – Lovsong

Eller C1:

Sigvald Tveit (*bakarst s. 140 I i SU, gudstenestedelen*)

Eller C2:

Sigvald Tveit (*bakarst s. 140 I i SU, gudstenestedelen*)

Eller D:

L Lat oss prisa Herren som ser til oss i evig nåde og kjærleik.

Kyrkjelyden reiser seg.

K Vi lovar, prisar, tilber deg, vi gjev deg takk og ære. Med evig truskap herskar du, ditt namn velsigna vere! Ja, utan grenser er di makt, og alt må skje som du har sagt, du allmakts Gud og Fader.

4, v. 2 i ÆvG

** Høve til frie lovprisingsbøner og lovsong.*

Eller E:

Hilde Bonsaksen Madsen i G2 (*bakarst s. 145 II i SU, gudstenestedelen*)

Eller F:

Jan Gossner og Jon Kleveland i Familiegudstjenesten (*bakarst s. 154 III i SU, gudstenestedelen*)

Andre lovsongar:

Halleluja, halleluja (*340 i SU*)

Jeg vil gi deg, o Herre (*88 i SU*)

Lov Jesu namn og herredom (*18 i ÆvG*)

Halleluja, du er vår lovsong (195 i SU)
 Laudate, omnes gentes (230 i SU)
 Lord, I lift your name (338 i SU)
 Jesus, jeg vil gi deg mitt liv (348 i SU)

I høgtidene

Som alternativ til dei oppsette lovprisingsversa kan ein i høgtidene syngja til dømes ein av desse salmane:

Gud, einast Gud i himmerik (4 i ÆvG)
 Store Gud, vi lover deg (17 i ÆvG)
 Vi fryder oss av hjertens grunn (213 i ÆvG)
 Deg være ære (206 i ÆvG)

Salmeversjonar

I staden for syndsvedkjennings- og lovsongsledda ovanfor kan ein syngja ein vedkjenningsssalme, til dømes ein av desse:

Jeg står for Gud som allting vet (401 i ÆvG)
 Herre, til deg tar jeg min tilflukt (741 i ÆvG)
 Du som freden meg forkynner (430 i ÆvG)
 Gud, når du til regnskap kaller (400 i ÆvG)

3. HERRENS ORD

2. Truvedkjenning

Eller C:

Kristushymna i Fil 2,6–11:

L Lat oss vedkjennast trua på
Jesus Kristus som Herre!

Han var i Guds skapnad
og såg det ikkje som eit rov
å vera Gud lik,

A men gav avkall på sitt eige,
tok ein tenars skapnad
og vart menneske lik.

L Då han stod fram som menneske,

A fornedra han seg sjølv og vart lydig til døden,
ja, døden på krossen.

L Difor har òg Gud
opphegd han til det høgste
og gjeve han namnet over alle namn.

A I Jesu namn skal difor
kvart kne bøya seg,

L i himmelen, på jorda og under jorda,
og kvar tunge vedkjenna
til Gud Faders ære:

A Jesus Kristus er Herre!

Eller versjonen bakarst s. 173 i SU, gudstenestedelen

Eller D:

*Den nikenske truvedkjenninga i si originale form
– utan tillegget i 3. artikkel: «og (frå) Sonen».*

L Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

A Vi trur på éin Gud,
den allmektige Far,
som har skapt himmel og jord,
alt synleg og usynleg.

Vi trur på éin Herre, Jesus Kristus,
Guds einborne Son,
fødd av Faderen før alle tider,
Gud av Gud, lys av lys,
sann Gud av sann Gud,
fødd, ikkje skapt,
av same vesen som Faderen.
Ved han er alt skapt.
For oss menneske og til vår frelse
steig han ned frå himmelen,
og ved Den heilage ande og av Maria møy
vart han menneske av kjøt og blod.
Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus,
leid og vart gravlagd,

stod opp tredje dagen etter Skriftene
 og fór opp til himmelen,
 sit ved høgre handa åt Faderen,
 skal koma att i herlegdom
 for å døma levande og døde,
 og hans rike skal vera utan ende.

Vi trur på Den heilage ande,
 som er Herre og gjer levande,
 som går ut frå Faderen,
 som vert tilbeden og æra saman med Faderen og
 Sonen,
 og som har tala gjennom profetane.
 Vi trur på éi heilag, allmenn og apostolisk kyrkje.
 Vi vedkjennest éin dåp til forlating for syndene
 og ser fram til oppstoda av dei døde
 og eit liv i den komande verda.
 Amen.

*I staden for å seia fram truvedkjenninga kan ein
 syngja ein truvedkjenningsalme, til dømes ein av
 desse:*

Evige Gud (36 i SU)

Vi trur på ein allmektig Gud (263 i ÆvG)

O store Gud, vi lover deg (2, v. 1–6 i ÆvG)

Fader, Sønn og Hellig Ånd (336 i SU)

Måne og sol, skyer og vind (31 i ÆvG)

Gud skapte lyset (243 i Norsk salmebok 2013)

4. FORBØN

3. Forbøn

Delar av dette materialet er henta frå Den norske kyrkja sitt gudstenestearbeid 1965–2011.

Forbøn III

Bøneleiar:

Lat oss takka og be.

Evige Gud, vi takkar deg for all din godleik mot oss. Du gir dagleg brød; du oppdreg oss for ditt rike med kross og trengsel, ved medgang og glede. Du har gitt oss ditt heilage ord, du har kalla oss til å ha heime i di kyrkje på jorda og sett oss eit evig mål hos deg.

K (Deg vere ære i all æve)

No ber vi deg i Jesu namn, sjå i nåde til di kristne kyrkje og helga henne i sanninga. Lat ditt ord bli forkynt klart og reint og dine sakrament bli brukte rett. Gi di kyrkje tru tenarar som både lærer og lever vel. Driv arbeidarar ut i din haust og lat evangeliet om ditt rike bli forkynt for alle folkeslag. Styrk dei som blir forfulgde for Jesu namn skuld. Tenk i miskunn på dei som står ditt ord imot, og gi dei omvending til livet. (Det ber vi deg om, vår Gud og Far.)

K (Herre, høyr vår bøn.)

Gi fred på jorda og fred i hjartet. Gi alle folk eit styre som fremjar fridom og rettferd. Hald di vernande hand

over vårt folk og fedreland og over våre landsmenn i det fjerne og på havet. Vara og velsign vår konge og hans hus, Stortinget, Kongens råd og alle som har leiaransvar blant oss. Hjelp oss å leva saman i kjærleik og fred. Vern om heimane våre, velsign skulane våre, lei ungdomen på dine vegar. Lat alt ærleg arbeid lukkast, og lær oss å dela rett med kvarandre. Gi tenleg vêt, og vara oss frå å forderva ditt skaparverk i uforstand. Ver støtte for einsame og vern for foreldreause. Gi sjuke og sorgfulle lindring og trøyst, hjelp dei som er i åndeleg mørke og alle som strir med døden. (Det ber vi deg om, vår Gud og Far.)

K (Herre, høyr vår bøn.)

Vakta sjølv denne kyrkjelyden som du kjøpte så dyrt. Hald alt ureint borte frå oss, og sameina oss i din heilage kjærleik. Lat dei som blir døypte til ditt namn, veksa opp i samfunn med deg. Gi dine nattverdsgjester fred og evig liv ved ditt bord. (Det ber vi deg om, vår Gud og Far.)

K (Herre, høyr vår bøn.)

Miskunna deg, Gud, over alle menneske for Jesu Kristi skuld. Og gi oss når vår siste time kjem, å døy sæle bort frå denne verda og på den siste dagen å stå opp til din herlegdom. (Det ber vi deg om, vår Gud og Far.)

K (Herre, høyr vår bøn.)

Når det ikkje er nattverd eller dåp, sluttar forbøna med Herrens bøn.

Forbøn IV

Bøneleiar:

Lat oss takka og be:

Evige Gud, skapar av himmel og jord,
vi takkar og lovprisar deg for all din godleik mot oss.
Vi ber for ditt skaparverk.
Hjelp oss å forvalta det til beste for kvarandre.
Lei folk og nasjonar til å leva i fellesskap og fred.
Vara kongen vår og hans hus.
Gje visdom og mot til alle som har leiaransvar blant
oss.

*(Vi ber ... Her kan det vera konkrete bønner som har
samanheng med temaet.)*

Fri oss alle frå å vere misunnelege og mistenksame,
og hjelp oss til å leva i fred og forsoning.
Gud, vi ber deg.

K *Kyrkjelydssvar:* Herre, høyr vår bøn.

Eller ein kan syngja eit bønervers.

Vi ber for alle som lever i fattigdom.
Ver vern og ly for dei som er på flukt frå krig og
katastrofar.
Vi ber om fred for Jerusalem og for alle
som knyter sine håp til denne byen.
Vi ber for det forsvarslause livet. Ver nær hos alle som
er sjuke og treng hjelp.
Vi ber for alle som saknar fellesskap og ein stad å
høyra til.
Hald di vernande hand over barnet i mors liv.

Hjelp dei som blir utsette for vald og overgrep.
 (Vi ber ... *Her kan det følgja konkrete bønner som har
 samanheng med temaet.*)

Gjer oss til tenarar som kan lytta, lindra og lækja.

Gud, vi ber deg.

K *Kyrkjelydssvar*

Vi ber for di kyrkje på jord.

Fyll henne med din Ande.

Ver hos alle som blir forfølgde for ditt namn skuld.

Vi ber for pastoren vår (*namnet kan nemnast*)

og for alle med leiaransvar i kyrkja vår.

Vi ber for kyrkjelyden vår, for gudstenester og
 samvære,

for dei som er døypte (*han/ho/dei som er døypte i dag,
 nemn dei med førenamn*),

for foreldra deira, fadrar og andre som står dei nær.

Vi ber for konfirmantane våre.

Hjelp dei å finna din veg gjennom livet.

La dei kjenna seg omslutta av din kjærleik.

(Vi ber ... *Her kan det koma konkrete bønner som har
 samanheng med temaet.*)

Gje oss eit ope sinn i møte med menneske av anna tru
 eller overtyding,

så vi ikkje fordømer og talar usant om kvarandre.

Gud, vi ber deg.

K *Kyrkjelydssvar*

Gode Gud, vi ber for dei fellesskapa vi høyrer til,
 i kyrkjelyd, familie, venekrins og nabolag.

Vi ber for barnehagane og skulane våre,

for verksemdar og arbeidsplassar
og dei som er arbeidsledige.

Ver nær hos alle som strevar med livet sitt.

*(Vi ber ... Bøn for institusjonar i lokalsamfunnet, sjuke-
eller aldersheimar og liknande, venskapsrelasjonar til
menneske og prosjekt i andre land, og andre bønner
som har samanheng med temaet. Dersom kyrkjelyden
bruker bønnekrukke/-skål, kan bønene bli bedne her.)*

Vi ber for heimane våre.

Lat truskap og respekt prega vår omgang med
kvarandre.

Forbøna kan avsluttast slik:

Stille vil vi no leggja fram for deg det kvar enkelt av
oss har på hjartet.

Gud, vi ber deg.

K Kyrkjelydssvar

*Når det ikkje er nattverd eller dåp, sluttar forbøna
med Herrens bøn.*

Andre forbønsmodellar

Forbønsmodell 1 – Lystenning

Denne modellen kan vera aktuell blant anna i
gudstenester der barn og unge (til dømes konfirmantar)
er med i førebuing og gjennomføring av gudstenesta.

Vel bønneemne og form dei i samsvar med modellen nedanfor. Eventuelt kan bøna nyttast etter temaområde. Kvart av bønneavsnitta kan gjennomførast slik:

L Lat oss venda oss til Gud i bøn.

Vi tenner eit lys for ...

Eit lys blir tent på ein lysglobe eller på eit bord med bønelys.

og takkar/ber for/om ...

Her følgjer ei eller fleire bønner for det bønneemnet som lyset vart tent for.

Deretter kan det vera:

- Stille bøn

L Gud, vi ber.

K Kyrkjelydssvar

Når det ikkje er nattverd eller dåp, sluttar forbøna med Herrens bøn.

Forbønsmodell 2 – Salmar og songar

Salmar kan eigna seg til bruk i forbøna, gjerne slik at dei blir sungne vers for vers.

Det kan då utformast aktuelle bønner med utgangspunkt i kvart enkelt vers.

Døme på eigna salmar:

- Kjære Gud, når eg bed (618 i ÆvG)
- Vi rekker våre hender frem (395 i SU)
- Vær meg nær, å Gud (621 i ÆvG)
- Jeg folder mine hender små (616 i ÆvG)

- Da jeg trengte en neste (642 i *ÆvG*)
- Gi fred, å Herre Gud, gi fred (321 i *SU*)
- Vår himmelske Far, kom nær til oss i nåde (92 i *SU*)
- Som vinden stryk om mine kinn (521 i *Norsk salmebok 2013*)

Når det ikkje er nattverd eller dåp, sluttar forbøna med Herrens bøn.

Forbønsmodell 3 – Bønevandring

Bønevandring kan ein ha når det er forbøn i gudstenesta, eventuelt samtidig med nattverdsmåltidet. Bønevandringa kan òg utvidast til å bli ei eiga vandregudsteneste.

Undervegs i vandringa bør det vera musikk, gjerne ei veksling mellom instrumentalmusikk og song, enten korsong eller solosong.

Døme på stasjonar i bønevandringa:

- Stille bøn framme i kyrkjerommet – høve til å knela i bøn og ettertanke.
- Personleg forbøn, eventuelt med handspålegging – på ein stad i rommet der ein kan vera litt tilbaketrekt.
- Velsigning – den enkelte kan knela medan ein forbedar legg handa på hovudet og velsignar, gjerne med ei fast formulert velsigning.

- Dåpspåminning – ved døypefonten. Den enkelte blir teikna med krossteiknet og høyrer eit løfteord.
- Bønekrukke – høve til å skriva bønelappar, eventuelt teikna bøner (for born og vaksne som lettare uttrykkjer seg med teikning enn med ord). Vel gjerne papir i forskjellige fargar, med opplysning om at dei som skriv på eit bestemt farga ark, ønskjer at bønene skal lesast opp. Bønelappane kan leggjast i krukker og berast fram når bønemandringa er slutt.
- Lystenning – i lysglobe og/eller ein annan stad i rommet.
- Skriftemål – dei som ønskjer å få forlating for syndene, kan knela ved framsette stolar og sanna syndene sine. Liturgen eller forbedaren legg hendene på hovudet til han/ho som kneler, og seier tilseiingsorda: «Etter vår Herre Jesu Kristi ord og befaling tilseier eg deg nådig forlating for alle dine synder, i namnet til Faderen og Sonen og Den heilage ande.»
- Forbøn med salving (etter ordninga i kyrkja vår).
- Steinar og kross: Ein kan leggja ned steinar ved ein kross. (Leggja ned byrdene våre ved Jesu kross.)
- Fotvasking – er mest aktuelt på spesielle gudstenestedagar, som skirtorsdag.
- Andre element, til dømes knytte til temaet i gudstenesta. Stasjonar som gir informasjon om

- og hjelp til fordjuping. Symbolhandlingar, formingsoppgåver, misjonsinformasjon osv.
- Meditasjon over sentrale bibelord, bilete og ikon.
 - Kunstverk som stad for ettertanke og bøn, gjerne installasjonar eller samtidskunst som ein kan låna eller leiga av kunstnarar.
 - I gudstenester utan nattverd blir bønemandringa avslutta med at ein ber Herrens bøn som fellesbøn.
 - I gudstenester der bønemandringa skjer samtidig med nattverdsmåltidet, blir vandringa avslutta etter at alle har motteke nattverden og liturgen ser at det er tid for å avslutta. Då kan bønekrucker berast fram og setjast på nattverdsbordet.
 - Deretter følgjer tilseiingsorda for nattverden. Etter desse orda kan eventuelt nokre av bønene lesast (dersom det er opplyst om det på førehand), og det heile kan avsluttast med denne eller ei anna passende bøn:
L I dine hender, Gud, legg vi alt og alle vi no har bede for, i Jesu Kristi namn.

Songar under bønemandringa kan til dømes vera:

Pris være Gud (121 i SU)

Herre, rekk ut din allmektige hånd (388 i SU)

Kjære Gud, når eg bed (618 i ÆvG)

Når det ikkje er nattverd eller dåp, sluttar forbøna med Herrens bøn.

5. HERRENS BORD

3. Lovprising og Herrens innstiftingsord

Innleiande PREFASJONSDIALOG:

L *syng eller seier:* Herren vere med dykk.

K *reiser seg og syng:* Og med deg vere Herren.

L Lyft dykkar hjarte.

K Vi lyfter våre hjarte til Herren.

L Lat oss takka Herren vår Gud.

K Det er verdig og rett.

Kyrkjelyden blir ståande.

L I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmektige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre ...

Lovprisinga vidare: Sjå ORDNINGA, nattverdsliturgi A og C.

eller:

L Vi takkar deg, heilage Gud, ved Son din Jesus Kristus ...

Lovprisinga vidare: Sjå ORDNINGA, nattverdsliturgi A.

eller:

L Vi takkar deg, gode Gud, du som held himmel og jord i dine hender ...

Lovprisinga vidare: Sjå ORDNINGA, nattverdsliturgi B.

Val av SANCTUS – Heilag:

Eller C:

Sigvald Tveit (*bakarst s. 141 og 142 I i SU, gudstenestedelen*)

Eller D:

Jon Kleveland i G2 (*bakarst s. 148 II i SU, gudstenestedelen*)

Eller E:

Jon Kleveland i Familiiegudstjenesten (*bakarst s. 157 III i SU, gudstenestedelen*)

Andre songar:

Du hellig, hellig, hellig er (2, v. 3 i *ÆvG*)

Hellig, hellig, hellig (364 i *SU*)

Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot (163 i *SU*)

4. Brødsbryting

Val av AGNUS DEI – Du Guds Lam:

Eller C:

Sigvald Tveit (*bakarst s. 143 I i SU, gudstenestedelen*)

Eller D:

Jon Kleveland i G2 (*bakarst s. 149 II i SU, gudstenestedelen*)

Eller E:

Jon Kleveland i Familiegudstjenesten (*bakarst s. 158 III i SU, gudstenestedelen*)

Andre songar:

Som korn fra vide åkrer (*338 i ÆvG*)

I Krist er ikkje aust og vest (*357, v. 1–2 i ÆvG*)

O, Guds Lam, du som tar bort verdens synd (*bakarst s. 162 i SU*)

Guds lam som bærer verdens synder (*321 i ÆvG*)

Guds lam uskyldig, du som bærer verdens synd (*322 i ÆvG*)

Kornet har sin vila (*24 i SU*)

6. SENDING

2. Velsigning

Eller C:

L Ta imot velsigninga!

L Vår Herre Jesu Kristi nåde,

Guds kjærleik og samfunnet med Den heilage ande
vere med dykk alle!

K Amen.

Eller D:

L Ta imot velsigninga!

L Herren velsigne deg,

vare deg frå alt vondt
og føre deg til det evige liv!

K Amen.

Eller E:

L Lat oss be om Herrens velsigning.

A Velsign oss, Gud Fader, velsign oss, Guds Son,
velsign oss, Guds Heilage Ande.

A Amen.

Songar:

Jonnie Slottheden i G2 og Familiegudstjenesten
(bakarst s. 151 og s. 158 i SU, gudstenestedelen)

4. Utsending

Andre utsendingsord:

Gå i fred. Herren sender deg!

Gå i fred i dei gjerningane Herren legg ferdige for deg!

Gå! Gå med uro! Gå i hast! Slutt aldri med å gå ut av kyrkjerommet, ut av freden og stilla, ut i bråket og uroa, ut til latteren og gråten. Ber med deg det levande brødet du fekk her som ein skatt mellom hendene dine og i ditt hjarte. Del det ut igjen og igjen. Alltid strekk det til når du berre held fram med å bryta det.

Kom! Slutt aldri å koma attende til denne staden. Kom aldri tomhendt. Ta med deg ropet som pressar på bak leppene. La det få lyda her. Ta med deg svolten som aldri blir stilt, kampen som enno ikkje er vunnen. Ta med deg ein som alltid har vore ditt medmenneske utan at du visste det. Her er møtestaden i lyset frå Guds andlet. (*Tomas-messa*)

Songar:

Jon Kleveland i Familiegudstjenesten (*bakarst s. 159 i SU, gudstenestedelen*)

Gå i fred! Tjen Herren med glede (*172 i SU*)

